

Politisk plattform for fleirtalsregjeringa

utgått frå
Arbeidarpartiet,
Sosialistisk Venstreparti
og Senterpartiet

2009 - 2013



Arbeiderpartiet



Omslagsillustrasjon:

Utsnitt av Theodor Kittelsen's: "Langt langt borte saa han noget lyse og glitre"
(NG.M.00546)

Inventarnummer/Inventory nr.: NG.M.00546

Kunstner/Artist: Theodor Kittelsen

Tittel/Title: "Langt langt borte saa han noget lyse og glitre"

Kunstverksinndeling/Object category: Maleri

Teknikk/Technique: Olje på lærret

Fotograf/Photographer: Jacques Lathion

Copyright: Nasjonalmuseet for kunst, arkitektur og design/The National Museum of Art,
Architecture and Design

Innleiing	2
Kapittel 1: Ein politikk for fellesskap, verdiskaping og rettferd	3
Kapittel 2: Internasjonal politikk	5
Kapittel 3: Den økonomiske politikken	14
Kapittel 4: Næringspolitikk	20
Kapittel 5: Samferdsel.....	26
Kapittel 6: Folkestyre, lokalsamfunn og regionalpolitikk.....	31
Kapittel 7: Eit arbeidsliv med plass til alle	35
Kapittel 8: Sosial rettferd.....	37
Kapittel 9: Helse og omsorg.....	41
Kapittel 10: Barn, utdanning og forskning.....	45
Kapittel 11: Fornyng og utvikling av offentleg sektor.....	52
Kapittel 12: Noreg som miljønasjon	54
Kapittel 13: Energipolitikk	60
Kapittel 14: Kulturpolitikk	66
Kapittel 15: Eit inkluderande noreg.....	68
Kapittel 16: Meir tryggleik – mindre kriminalitet	71
Kapittel 17: Innvandring og integrering	74
Kapittel 18: Kyrkje-, religions- og livssynspolitikk.....	79

Innleiing

17. oktober 2005 blei det utnemnt ei regjering utgått frå Arbeidarpartiet, Sosialistisk Venstreparti og Senterpartiet. Desse partia fekk samla fleirtal på Stortinget etter valet i 2005. Tiltredingsfråsegna til regjeringa blei basert på ei politisk plattform for perioden 2005–2009 framforhandla på Soria Moria.

Ved stortingsvalet 14. september i år fekk desse partia fornya mandat frå veljarane gjennom framleis fleirtal i Stortinget. I tida 28. september til 7. oktober har representantar for partia forhandla fram denne politiske plattformen for regjeringa sitt vidare arbeid i perioden 2009–2013.

Soria Moria 7. oktober 2009

Jens Stoltenberg
Arbeidarpartiet

Kristin Halvorsen
Sosialistisk Venstreparti

Liv Signe Navarsete
Senterpartiet

Helga Pedersen
Arbeidarpartiet

Audun Lysbakken
Sosialistisk Venstreparti

Lars Peder Brekk
Senterpartiet

Raymond Johansen
Arbeidarpartiet

Bård Vegar Solhjell
Sosialistisk Venstreparti

Trygve Slagsvold Vedum
Senterpartiet

KAPITTEL 1: EIN POLITIKK FOR FELLESSKAP, VERDISKAPING OG RETTFERD

Regjeringa utgått av Arbeidarpartiet, Sosialistisk Venstreparti og Senterpartiet vil føre ein politikk for fellesskap, verdiskaping og rettferd.

Vi vil føre ein politikk for arbeid til alle, meir kunnskap og betre lokal velferd. Vi vil arbeide for å unngå farlege menneskeskapte klimaendringar.

Regjeringa vil føre ein politikk som er forankra i eit levande folkestyre, ei berekraftig utvikling, eit sosialt og samfunnskritisk engasjement, vår nasjonale kulturarv og dei humanistiske verdiane og ideane.

Vårt mål er å gje alle menneske i heile landet høve til å utvikle evnene sine og leve gode og meningsfylte liv. Vår visjon er at vi kan overlata til neste generasjon noko meir verdifullt enn det vi sjølve overtok.

Vi vil aktivt og offensivt møte både den økonomiske krisen, den internasjonale matkrisa og klimakrisa. Dette er kriser som tydeleg har vist at marknaden må styrast og regulerast. Vi vil byggje på ein sterk offentleg sektor og medviten politisk styring.

Arbeid til alle er eit overordna mål. Vi vil vere aktive og nyskapande i næringspolitikken, skape fleire grøne arbeidsplassar og satse særskilt på område der vi har spesielle føresetnader for å vere gode. Vi vil medverke aktivt til omstilling i næringslivet og tilrettelegging for nye og framtidsretta næringar og arbeidsplassar. Vi vil føre ein aktiv distrikts- og regionalpolitikk for å leggje til rette for likeverdige levekår over heile landet og oppretthalde hovudtrekka i busetnadsmønsteret.

Vi vil satse på Noreg som kunnskapssamfunn gjennom utdanning til alle og forskning med høg kvalitet.

Vi vil slå ring om den norske samfunnsmodellen med aktivt folkestyre, høg yrkesdeltaking, gode offentlege velferdsordningar for alle og eit nært samarbeid mellom staten og partane i arbeidslivet. Også framover skal denne samfunnsmodellen vere den viktigaste internasjonale føremona vår.

Vi vil forbetre, forsterke og fornye dei offentlege velferdsordningane for at dei skal vere berekraftige i ei tid der særleg dei demografiske utfordringane blir store. Berre robuste offentlege løysingar kan over tid vere eit alternativ til privatisering av velferda.

Regjeringa byggjer arbeidet sitt på ideen om at alle menneske er fødde frie, unike og ukrenkjelege. Vi vil gjennom politikken vår medverke til fridom for den einskilde. Sterke fellesskap er den beste grunnmuren enkeltmenneska kan byggje livsprosjekta sine på.

Vår politikk skal reflektere og respektere mangfaldet, samtidig som den skal ta med seg grunnleggjande verdiar i kristen og humanistisk arv og tradisjon.

Alle skal ha likeverdige sjansar uavhengig av familiebakgrunn, kvar ein kjem frå, kjønn, funksjonsevne, religion eller seksuell orientering. Det er grunnleggjande positivt at Noreg er eit fleirkulturelt samfunn. Vi vil nedkjempe rasisme.

Vi vil føre ein politikk som har som mål å gje kvinner og menn like høve og reell likestilling. Kvinner og menn skal ha lik lønn for arbeid av lik verdi og like sjansar for å få alle typar arbeid.

Regjeringa vil føre ein kulturpolitikk som gjev all tilgang til kulturopplevingar, uavhengig av geografiske og sosiale skilje.

Regjeringa vil føre ein politikk for at stillinga og rettane samane har som urfolk i Noreg blir varetekne.

Vi vil prioritere fellesskap framfor skattekutt. Det er eit mål for oss at dei økonomiske skilnadene skal reduserast. Vi vil føre ein ansvarleg økonomisk politikk der handlingsregelen ligg til grunn. Kor langt vi kjem i å gjennomføre målsetjingane våre, er avhengig av den økonomiske situasjonen.

Vårt samarbeid byggjer på oppslutning om FN og folkeretten, medlemskapen i Nato, EØS-avtala og at Noreg ikkje er medlem av EU.

Regjeringa vil byggje vidare på dei omfattande planane som blei lagt fram i førre stortingsperiode og dei breie forlika som blei inngåtte i Stortinget. Vi vil i dei komande fire åra søkje å byggje nye forlik som samlar eit breiare fleirtal i Stortinget. Regjeringa har politisk vilje til å nå desse måla gjennom politisk styring og partnerskap med alle gode og byggjande krefter. Vi vil invitere alle med i dette arbeidet.

KAPITTEL 2: INTERNASJONAL POLITIKK

Ta vare på norske interesser – og gjere ein skilnad internasjonalt

Norsk utanrikspolitikk skal vareta norske interesser og verdiar i ei verd i rask endring. Utanrikspolitikken skal prioritere norske interesser og område der Noreg har føresetnader for å gjere ein skilnad. Samtidig skal den medverke til å fremje internasjonale fellesgode og byggje ei betre organisert verd.

Ivaretaking av norske interesser krev at vi engasjerer oss i nærområda og i dei globale utfordringane knytte til klima, fattigdom, svolt, menneskerettar, terrorisme, spreining av smittsame sjukdomar og nedrusting. Hovudlinene for norsk utanrikspolitikk ligg i St.meld. nr. 15 (2008–2009) "Interesser, ansvar og muligheter" som fekk brei tilslutning i Stortinget.

Noreg skal ta eit ansvar ut over oss sjølv. Vi er eitt av det beste landa i verda å bu i. Det forpliktar oss til – og det er i norsk interesse å medverke til – ei meir rettferdig verd og til at færre menneske må leve i ufridom og naud.

Hovudlinene i norsk utanrikspolitikk ligg fast, medrekna sterk oppslutning om FN og folkeretten, medlemskapen i Nato, EØS-avtala og at Noreg ikkje er medlem av EU. Regjeringa vil arbeide for å styrkje det nordiske samarbeidet.

Respekt for folkeretten, dei universelle menneskerettane og fremjing av ein internasjonal rettsorden ligg til grunn for politikken vår. Det er i norsk interesse at vi har ein FN-leidd verdsorden. Derfor vil regjeringa arbeide for å styrkje FN og internasjonal rett.

Regjeringa arbeider for ein rettferdig verdsorden der konflikhtar blir løyste med fredelege midlar og vil styrkje norsk innsats for konfliktførebygging og konfliktløysing. Spreining av atomvåpen er ein alvorleg trussel mot internasjonal fred og tryggleik. Noreg skal spele ei aktiv rolle som pådrivar i det internasjonale arbeidet mot spreining av atomvåpen.

FN-apparatet for å støtte opp om førebygging og fredsprosessar bør styrkjast. FN har særlege føremoner i å støtte stats- og institusjonsbygging. Dette arbeidet skal prioriterast.

Utviklinga i nordområda og Arktis gjev utfordringar og sjansar. Nordområda vil derfor halde fram med å vere det viktigaste strategiske satsingsområdet til regjeringa i utanrikspolitikken og skal også medverke til ei positiv utvikling i dei nordlegaste områda.

Svalbard er ein sentral del av nordområda. Ei framleis effektiv og føremålstenleg forvaltning på Svalbard vil medverke til å styrkje og utdjupe nærværet vårt i nordområda.

Noreg er gjennomgåande tent med utvikling av felles reglar og standardar for verksemda i den europeiske marknaden. Der opplegg for slike reglar er i direkte strid med norske interesser, skal Noreg bruke alle dei middel avtaleverket gjev oss til å sikre norske interesser. Dersom andre verkemiddel strandar, vil regjeringa vurdere å bruke reservasjonsretten i EØS-avtala dersom særleg viktige norske interesser blir truga av rettsakter som blir planlagde innlemma i EØS-avtala.

Regjeringa vil:

- basere nordområdepolitikken vår på nordområdestrategien til regjeringa og "Nye byggjesteinar i Nord". Vi vil sikre norsk suverenitetshevdning, medverke til god ressurs- og miljøforvaltning, lågspenning og sikre full gjennomføring av havretten. Regjeringa legg til grunn at nordområdesatsinga også skal leggje vekt på næringsutvikling på land
- følgje opp stortingsmeldinga om Svalbard
- arbeide for eitt Nato som har fokus både på kjerneoppgåvene til alliansen og internasjonalt medansvar for fred og tryggleik. Vi vil engasjere oss aktivt i arbeidet til alliansen med eit nytt strategisk konsept: Vi vil ta initiativ til ein diskusjon i Nato om korleis alliansen kan medverke til å realisere målet om ei verd utan atomvåpen gjennom forpliktingar som omfattar alle land. Spørsmålet om rolla til atomvåpna i alliansen vil vere ein viktig del av dette arbeidet
- styrkje det nordiske samarbeidet om utanriks- og tryggingpolitikken
- søkje nye internasjonale alliansar gjennom auka samarbeid med nye framveksande statar som får auka vekt
- føre ein aktiv Europa-politikk, jobbe målretta for å vareta norske interesser i tilhøvet til EU
- setje ned eit forskingsbasert, breitt samansett offentleg utval som skal utføre ein grundig og breiast mogeleg gjennomgang av EØS-avtala og konsekvensane av avtala på alle samfunnsområde
- byggje vidare på Schengen-samarbeidet
- ikkje søkje om norsk EU-medlemskap

- støtte opp om ein FN-leidd verdsorden, arbeide for reform av FN og tryggingsrådet i FN
- oppretthalde det sterke sivile engasjementet vårt i Afghanistan. Vi vil medverke til å byggje afghansk kapasitet til eigen tryggleik og utvikling, og dessutan styrkje den koordinerande rolla til FN. Vi vil oppretthalde det militære engasjementet i Afghanistan. I nær dialog med våre allierte, og i lys av utviklinga i Afghanistan, kan det bli aktuelt med ei gradvis nedtrapping av det militære engasjementet vårt
- arbeide for ei verd fri for kjernevåpen og andre masseødeleggingsvåpen gjennom forpliktande avtaler som omfattar alle land. Vi vil mobilisere for å redusere rolla til atomvåpna gjennom å arbeide for ein vellukka tilsynskonferanse i 2010. Dersom denne mislukkast vil vi vurdere ein eigen konvensjon mot atomvåpen
- styrkje Noreg sin politiske medverknad til fredsbygging og utvikling i sårbare statar, og til vern av sivile og respekt for dei humanitære prinsippa i væpna konflikt
- følgje opp minekonvensjonen, konvensjonen om klaseammunisjon og styrkje innsatsen mot væpna vald, blant anna ved å medverke til ei internasjonal regulering av den ukontrollerte spreinga av våpen og ammunisjon. Vi vil arbeide for ei sterkare regulering av handel med, og rådvelde over, handvåpen
- styrkje arbeidet til arbeidstakarane sine rettar internasjonalt
- aktivt utnytte medlemskapen vår i FN sitt menneskerettsråd, styrkje støtta til menneskerettsforsvararar og arbeide mot dødsstraff og tortur, fremje ytringsfridomen og nedkjempe alle former for diskriminering
- aktivt fremje kampen for likestilling og rettane til kvinner, med utgangspunkt i tryggingsrådsresolusjonane 1325, 1820, 1882 og 1888
- medverke til at utviklingsland kan utvikle fiskeriforvaltning og -kontroll som eit ledd i global innsats mot overfiske
- oppretthalde og vidareutvikle eit strengt regelverk for norsk våpeneksport. Regjeringa har som mål å innføre sluttbrukarfråsegn frå alle land, og arbeide for at dette blir norm i Nato. Vi vil arbeide for at merking og sporingsmekanismar for norske våpen og ammunisjon blir utbetra, og jobbe for tilsvarande system internasjonalt
- styrkje samarbeidet med frivillige organisasjonar, forskingsmiljø og andre som jobbar med fred og konfliktløysing

Utviklingspolitikk og menneskerettar

Vårt mål med utviklingspolitikken er å nedkjempe fattigdom og medverke til å setje fleire menneske i stand til å leve i fridom frå undertrykking, naud og uverdige livsforhold. Kampen mot klimaendringar, svolt, fattigdom og for retten til økonomisk utvikling, demokrati, menneskerettar, mat og berekraftig utvikling er ei hovudoppgåve for regjeringa.

Fattigdom er ikkje tilfeldig. Han botnar i skeive maktstrukturar, urettferdig fordeling og diskriminering. Regjeringa vil arbeide for grunnleggjande endringar i globale makttilhøve, i allianse med det sivile samfunnet. Samtidig er ansvaret til dei fattige landa for sin eigen situasjon og utvikling avgjerande.

Regjeringa vil styrkje fattige land sitt høve og evne til produksjon, handel, å sikre nok mat til eige folk, bygging av demokratiske institusjonar og utvikling av offentlege velferdstenester. Regjeringa vil medverke til at dei multilaterale utviklings- og finansinstitusjonane legg auka vekt på offentleg velferdsbygging, miljø, helse og utdanning i strategiane sine.

Noreg har interesse av å medverke til ei meir rettferdig verd. I førre stortingsperiode nådde vi det historiske målet om at vi skal bruke 1 prosent av BNI på utvikling og bistand. Vi vil halde fram med å målrette hjelpa ut frå kor vi kan gjere ein skilnad, der vi har særlege føremoner og der vi gjennom norsk bistandsinnsats kan utløyse andre pengestraumar som medverkar til utvikling. For oss er bistanden eit middel, og ikkje eit mål i seg sjølv. Vi vil sjå norsk utviklingspolitikk i samanheng med andre politikkområde som medverkar til utvikling. Hovudlinene for norsk utviklingspolitikk ligg i St. meld nr. 13. (2008–2009) "Klima, Konflikt og Kapital. Norsk utviklingspolitikk i eit endra handlingsrom", og stortingsbehandlinga av denne.

Regjeringa ser alvorleg på matvarekrisa i verda. Vi vil forsterke innsatsen for å sikre folk rett til mat gjennom handelspolitikken og norsk landbruksbistand.

Bistands- og utviklingssamarbeidet skal vere fattigdoms- og kvinneretta, og blir utarbeidd på dei eigne premissane til mottakarane. Helse og utdanning er ein avgjerande føresetnad for utvikling og skal prioriterast.

Regjeringa vil:

- at løyvingane til utviklingssamarbeid skal haldast over 1 prosent av BNI. Samtidig skal vi fokusere på kvaliteten av bistanden
- arbeide for at utviklingsland får større politisk handlingsrom i utforming av nasjonale utviklingsstrategiar, og styrkje kapasitet og høve for dei fattige landa til å fremje interessene sine i IMF, Verdsbanken og WTO. Vi vil vidareføre innsatsen for at Verdsbanken og IMF blir

demokratiserte. Utviklingsland må få langt større innverknad blant anna ved at stemmeretten ikkje berre blir knytt til innskoten kapital

- arbeide for å vareta Noreg og Nordens posisjon i Verdsbanken og IMF og medverke til at interessene til dei nordiske landa blir varetekne i dei nye globale samarbeidsorgana som er under utvikling
- at volum av norsk bistand til Verdsbanken skal gjerast avhengig av resultatet til banken i reform- og demokratiseringsprosessar. Utviklingsprogram og naudhjelpstiltak i regi av FN-organ skal prioriterast. Norsk multilateral bistand skal ikkje gå til program som pålegg mottakarane liberalisering eller privatisering av offentleg verksemd.
- sikre offentleg innsyn om rolla til Noreg i Verdsbanken og IMF
- prioritere kvinners rett til helse, utdanning og politisk deltaking, og kamp mot overgrep mot kvinner. Regjeringa vil arbeide internasjonalt for å sikre den reproduktive helsa til kvinnene, for å avkriminalisere abort og styrkje det internasjonale arbeidet mot trafficking
- ta eit spesielt ansvar for tusenårsmåla 4 og 5 om barnedødstal og mødrehelse
- støtte partar i konflikt med å finne vegar til fred, forsoning og utvikling. Vi vil vidareutvikle engasjementet til Noreg og medverke til fred i Midtausten
- arbeide for internasjonale gjeldsslettesmekanismar for behandling av illegitim gjeld, eit bindande internasjonalt regelverk for ansvarleg långjeving og gjennomføre ein norsk gjeldsrevisjon. Kostnadene for bilateral gjeldslette skal ikkje leggjast på bistandsbudsjettet, og det skal ikkje stillast vilkår om privatisering
- arbeide for ein sterk og rettferdig klimaavtale, utvikle skogsatsinga og satse på ny teknologi. Medverke til å mobilisere midlar til klimatilpassing i fattige land
- styrkje evna til dei fattige landa til å mobilisere eigne ressursar til beste for folket, gjennom olje for utviklingsprogrammet, skatte- og avgiftsreform, kapitalkontroll og offentleg innsyn om inntekter frå naturressursar. Utviklingspolitikken skal i større grad vektleggje arbeidet med å styrkje rettferdig fordeling i fattige land. Vi vil også hjelpe fattige land med å fastsetje yttergrensene til kontinentalsokkelen deira i tråd med føresegnene til havrettskonvensjonen

- medverke til å byggje velfungerande statar ved å støtte opp under demokratiske krefter og eit sterkt sivilt samfunn blant anna gjennom stønad til kvinneorganisasjonar, fagrørsler og sosiale rørsler
- styrkje samarbeidet med norsk næringsliv for å medverke til auka investeringar i fattige land, og stille klare krav til at kjernekonvensjonane til ILO blir respekterte og at investeringane medverkar positivt til utvikling. Noreg skal vere leiande i arbeidet for globale standardar for samfunnsansvaret til næringslivet
- arbeide for å innføre globale skattar som reduserer dei negative verknadene av globaliseringa og skaper omfordelingsmekanismer på globalt nivå. Regjeringa vil arbeide for nye globale finansieringskjelder som kan medverke til omfordeling og styrking av globale fellesgode, for eksempel gjennom flyavgift, karbonskatt, skatt på våpenhandel og avgift på valutatransaksjonar
- jobbe for betre kontroll med finansstraumane, nedkjemping av skatteparadis og ulovlege internasjonale pengetransaksjonar
- gå føre i det internasjonale arbeidet for å innfri retten til utdanning for alle barn, og lyfte arbeidet med rettar for barn internasjonalt
- ha nulltoleranse for korrupsjon, og medverke til å styrkje den eigne evna til dei fattige landa til å implementere det internasjonale regelverket mot korrupsjon i nasjonalt lovverk
- vere ein pådrivar for å gjennomføre ILO sin "decent work agenda"

Forsvar og tryggleik

Dagens tryggleiksfordringar er i mindre grad enn tidlegare knytte til tradisjonelle militære trugsmål. Regjeringa vil arbeide for ein heilskapleg tryggingsspolitikk, for styrkt samfunnstryggleik og ein god balanse i tilhøvet mellom militær og sivil vernebuving.

Regjeringa vil leggje vekt på arbeidet for å førebyggje konflikhtar. Dette arbeidet tek sikte på å styrkje den internasjonale rettsordenen med betre styringsinstrument enn det globale samfunnet i dag har for å skape fred.

Forsvarspolitikken skal medverke til det grunnleggjande og tidlause ansvaret for å skape tryggleik for staten, folket og samfunnet. Regjeringa vil vidareutvikle eit moderne og alliansetilpassa forsvar basert på verneplikt.

Langtidsplanen for Forsvaret for perioden 2009–2012 ligg til grunn for politikken til regjeringa. Vårt mål er at strukturen, verksemda til Forsvaret og

ressursrammer skal vere i balanse innan 2012. Vi vil vidare vurdere ytterlegare einingar og funksjonar som kan lokalisert til operative einingar ute i landet for å få styrkt kompetansemiljøa i Forsvaret ytterlegare.

Nærværet til Forsvaret i nordområda gjennom alle tre forsvarsgreinene skal aukast, som ein del av nordområdestrategien. Dette er fyrsteprioriteten til Forsvaret og skal vere dimensjonerande for strukturen. I tillegg til at Kystvakta skal segle meir i nord må også nærværet til marinen i nord aukast som eit preventivt tiltak og tydeleggjering av interesseområdet til Noreg. Vernebuing langs kysten og Forsvarets rolle når det gjeld miljøovervaking og maritimt bergingsarbeid skal prioriterast høgt.

Noreg skal framleis ta eit aktivt internasjonalt medansvar gjennom internasjonale operasjonar innan ramma av FN, Nato og EU. Norsk medverknad i internasjonale operasjonar skal vere forankra i FN-pakta og ha eit klart FN-mandat. Når det gjeld medverknad til internasjonale operasjonar vil regjeringa prioritere deltaking i FN-leidde fredsoperasjonar. FN er den einaste internasjonale instansen som kan legitimere bruk av makt.

Regjeringa vil berre medverke med militære styrkar til utrykkingsstyrken i EU når det ligg føre eit klart og utvitydig FN-mandat. Stortinget skal konsulterast ved overføring av norske styrkar. Stortinget skal informerast straks når førespurnad om overføring av styrkar ligg føre. Stortinget skal ha tilgang til all relevant informasjon som er naudsynt for å kunne ta ei sjølvstendig avgjerd. Det skal liggje føre engasjementsreglar, og Noreg må sikrast nærvær i kommandostrukturen.

Regjeringa vil:

- sikre at Noreg har eit moderne forsvar med hær, sjøforsvar, luftforsvar og heimevern som gjev relevant evne i heile krisespekteret. Ein føresetnad for dette er jamleg trening av soldatar og befall. Langtidsplanen skal følgjast opp
- følgje opp i St. prp. nr. 36 (2008–2009) Nye kampfly til Forsvaret, og Innst. S. nr. 299 (2008–2009)
- følgje opp St. meld. nr. 38 (2006–2007) Forsvaret og industrien–strategiske partnere. Strategi for de næringspolitiske aspektene ved Forsvarets anskaffelser
- styrkje det nordiske forsvarssamarbeidet, også når det gjeld internasjonale operasjonar
- arbeide for å auke kvinne delen i Forsvaret. Sesjon for kvinner skal setjast i verk frå 2010

- styrkje oppfølginga av veteranane våre frå utanlandsteneste i tråd med St. meld. nr. 34 (2008–2009)
- styrkje personell- og familiepolitikken i Forsvaret
- vidareføre samarbeidet med EU på det forsvars- og tryggingsspolitiske feltet
- halde fram arbeidet med å styrkje Hæren, og dessutan etablere ein hærreserve
- styrkje Kystvakta i tråd med langtidsplanen for å få fleire kystvaktfarty, auka segling, og dessutan å kunne medverke i samband med miljøkriser
- i størst mogeleg grad samle IKT-ressursane i Forsvaret i tråd med langtidsplanen og Innst. S. nr. 318 (2007–2008), og vil vurdere om ytterlegare IKT-relatert driftsverksemd kan lokaliserast til Jørstadmoen

Handel

Internasjonal handel medverkar til verdiskaping. I handelspolitikken har Noreg sterke interesser og eit ønskje om å fremje ein mest mogeleg rettferdig internasjonal handelspolitikk. Noreg har i dag ein av dei mest opne økonomiane i verda. Regjeringa vil arbeide for å fremje eit internasjonalt handelsregime der omsyn til miljø, faglege og sosiale rettar, mattryggleik og utvikling i fattige land skal ha stor vekt. I det internasjonale handelsregimet må ein ta omsyn til klima-, finans- og matkrise dei siste åra.

I dei pågåande WTO-forhandlingane vil regjeringa arbeide for å fremje norske interesser, og medverke til at fattige land blir sikra høve til utvikling og medverknad i verdshandelen. Noreg må medverke praktisk til at dei fattigaste landa har kapasitet til å delta i forhandlingane, og at forhandlingane i størst mogeleg grad skal førast ope og med innsyn for ålmenta. Regjeringa vil sørge for ei god informasjonsformidling til den norske ålmenta om gangen i forhandlingane og dei norske posisjonane.

Regjeringa ønskjer å leggje til rette for auka økonomisk aktivitet og verdiskaping, både heime og ute. Handelsavtaler er ein sentral og eigna reiskap til å vidareutvikle eit godt system for handel. I tillegg til WTO-avtala vil regjeringa inngå nye handelsavtaler innanfor ramma av EFTA. Regjeringa vil ha auka fokus på samarbeid om miljø og arbeidstakarrettar knytte til EFTA sine handelsavtaler, innsyn i EFTA-prosessane og ikkje inngå avtaler som strir mot WTO-regelverket.

Regjeringa vil leggje til grunn at WTO-avtaleverket ikkje må ta frå fattige land styringsrett og verkemiddel som har vore viktige for å utvikle vårt eige samfunn

til eit velferdssamfunn. Noreg skal ikkje fremje krav overfor fattige land som kan innebere ei svekking av høva til å utvikle sterke offentlege tenester innan helse og utdanning, og heller ikkje gå inn for ei avtale som kan presse fram privatisering av offentlege tenester i Noreg.

Posisjonen til regjeringa er at handelsavtalene ikkje må innskrenke tilgjenge for partane til å gje tvangslisensar for lækjemiddel etter TRIPS-avtala. Regjeringa legg vidare til grunn at dei fattigaste landa ikkje blir påtvungne avgjerder som innskrenkar handlingsrommet deira etter TRIPS-avtala når det gjeld patentvern, vern av fortrulege testdata og plantesortvern. Regjeringa arbeider for endringar i TRIPS-avtala som støttar opp under konvensjonen om biologisk mangfald.

Regjeringa vil:

- arbeide for at det blir ferdigforhandla ei ny WTO-avtale som sikrar norske interesser og gjev fattige land betre tilgjenge til verdshandelen. Vi vil medverke til ei balansert ny WTO-avtale som gjev utviklingsland betre marknadsinngang og handlingsrom til å føre ein nasjonal politikk tilpassa utviklingsnivå og føresetnader
- prioritere arbeidet med å forhandle fram handelsavtaler som tryggjer verdiskaping i Noreg og varetek omsyn til velferd, miljø og arbeidstakarrettar. Vi vil i forhandlingane om bilaterale handelsavtaler med Russland, Kina, India og Ukraina greie ut behovet for – og utforming av – avgjerder om investeringsvern med kvart enkelt av desse landa
- arbeide i WTO for å fjerne eksportstønad på landbruksvarer
- prioritere det pågåande arbeidet i EFTA om utvikling av reglar om miljø og arbeidstakarrettar i framtidige handelsavtaler
- at ein i WTO-forhandlingane godkjenner retten til produksjon av mat for eige folk
- vareta norske interesser innanfor fisk og landbruk i dei pågåande WTO-forhandlingane
- leggje vekt på offentlig innsyn om kva oppmodingar Noreg sender til andre land i GATS-forhandlingane, og så langt som mogeleg innanfor WTO-regelverket gje ålmenta innsyn i dei oppmodingane Noreg mottek
- forsvare prinsippet om at WTO-regelverket og internasjonale miljøavtaler er likestilte, sidestilte og gjensidig støttande

- ikkje stille krav til MUL-land om liberalisering av tenestesektoren i GATS-forhandlingane, og at offentlege tenester ikkje må liberaliserast. Det skal ikkje stillast krav overfor andre u-land som rører ved viktige offentlege tenester innan utdanning, straum- og vassforsyning
- styrkje arbeidet for rettane til arbeidstakarar internasjonalt og jobbe for at WTO har klare mål for anstendig arbeid, sysselsetjing og klima
- arbeide internasjonalt for ein gjennomgang av effekten av tidlegare WTO-rundar før forhandlingane blir utvida til nye område

KAPITTEL 3: DEN ØKONOMISKE POLITIKKEN

Måla for den økonomiske politikken skal vere arbeid til alle, ei berekraftig utvikling, auka verdiskaping, ei meir rettferdig fordeling og styrking av velferdsordningane. Dei ulike delane av politikken skal verke saman for å oppnå dette.

Den nordiske modellen, som byggjer på godt utbygde og universelle velferdsordningar, nært samarbeid med og mellom partane i arbeidslivet, og ein konkurransedyktig privat sektor, kjem godt ut i internasjonale samanlikningar. Eit høgt velferdsnivå, god produktivitet, god økonomisk vekst og relativt låg arbeidsløyse er eit resultat av ein aktiv offentlig sektor som saman med næringsliv, organisasjonar og folket har utvikla gode samfunn. Desse røynslene vil vi byggje vidare på.

Verdiskapinga og sysselsetjinga må styrkjast i alle delar av landet, blant anna gjennom auka innsats på forskning og utvikling og gjennom å styrkje samfunnet si evne til å sikre all tilgang til sentrale velferdsordningar som barnehage, utdanning, omsorg og helse. Regjeringa skal aktivt arbeide mot ytterlegare sentralisering.

Eit samfunn utan store skilnader mellom grupper og generasjonar skaper betre vilkår for å utvikle eit meir rettferdig og solidarisk samfunn. Goda må delast meir rettferdig. Dei som har mest og tener mest må medverke meir til fellesskapet enn dei med låg inntekt og liten eller ingen formue. Sosial likskap styrkjer tilliten og solidariteten eit godt samfunn er bygt på.

Regjeringa vil halde fram arbeidet med å redusere dei økonomiske skilnadene i Noreg. Målet til regjeringa er eit samfunn utan fattigdom. Vi vil nedkjempe fattigdom ved å bringe fleire tilbake til arbeidslivet slik at fleire kan leve av eiga inntekt. Vi vil sikre økonomiske ytingar for menneske som lever i fattigdom. Vi

vil sikre gratis skule, rimelege barnehageplassar, kultur og velferdstilbod slik at alle har råd til å delta.

I samband med behandlinga av innstillinga til Fordelingsutvalet vil regjeringa leggje fram for Stortinget tiltak for betre fordeling og nedkjemping av fattigdom.

Vi vil føre ein økonomisk politikk som medverkar til framleis økonomisk vekst, og veksten må skje innanfor ramma av ei berekraftig utvikling slik at ikkje utvegane til komande generasjonar for å dekkje behova sine blir undergravne. Ei berekraftig utvikling føreset at Noreg og andre land forvaltar miljø- og naturressursane i eit langsiktig perspektiv. Samtidig er rein luft, tilgang på rekreasjonsområde og naturopplevingar også i urørt natur, viktige for livskvaliteten og helsetilstanden til folket.

For å kunne oppretthalde og styrkje velferda er det naudsynt med ein sterk konkurranseutsett sektor. Nedbygging av konkurranseutsett næringsliv er uheldig for sysselsetjinga, svekkjer distrikta og tappar landet for kompetanse. Konkurranse kan medverke til å utvikle teknologi og kunnskap. Vi vil føre ein politikk som styrkjer det næringslivet vi har og stimulerer til at nye verksemdar veks fram. Regjeringa vil medverke til at næringslivet blir omstilt i ei miljøvennleg retning.

Produktiviteten i norsk næringsliv er høg. Ein god velferdsstat sikrar kompetanse, høg yrkesdeltaking og eit sosialt tryggingnett som gjer omstilling mogeleg. Den økonomiske politikken skal leggje til rette for auka produktivitet slik at vi produserer varer og tenester på ein meir effektiv måte, noko som også medverkar til å styrkje konkurranseevna.

Vi vil styrkje velferdsordningane og tenestetilbodet i offentleg sektor. Innretninga på dei offentlege budsjetta skal medverke til å styrkje den samla konkurranseevna i landet på ein måte som ikkje går ut over dei tilsette eller miljøet. Vi vil derfor satse på utdanning, forskning, samferdsel og føre ein aktiv næringspolitikk.

Vilkåra for å drive næringsverksemd skal vere stabile og føreseielege. For å møte konkurransen kan ikkje norske bedrifter over tid ha ein sterkare kostnadsvekst enn hos handelspartnarane våre. Vi vil vidareføre det inntektspolitiske samarbeidet med partane i arbeidslivet.

Noreg er betre rusta enn dei aller fleste land til å vareta og utvikle eit godt velferdssamfunn, men sjølv hos oss vil det krevje at vi prioriterer fellesskapet. I framtida vil talet pensjonistar auke, noko som inneber at den yrkesaktive delen av folket vil gå ned. For å finansiere velferdssamfunnet i framtida vil vi medverke til auka verdiskaping, ein ansvarleg økonomisk politikk med ei langsiktig forvaltning av petroleumsformuen, eit berekraftig pensjonssystem og ein sterk og effektiv offentleg sektor. Det er vesentleg å sikre auka

yrkesdeltaking frå grupper som i dag ikkje deltek i arbeidslivet. Dette gjeld særleg innsats for å få fleire eldre og uføre i arbeid.

Vi vil heile tida forbetre, fornye og omstille offentleg verksemd i samarbeid med dei tilsette, slik at tenestene blir tilpassa behovet til folket.

Det førebyggjande arbeidet må styrkjast. Mykje av utgiftene til velferdsstaten har samanheng med for sein innsats for å førebyggje sosiale, fysiske og psykiske problem og miljøproblem. Dette fører til at mange blir støytt ut av arbeidsliv, skule og samfunn.

Finansmarknadene og finansinstitusjonane utgjer ein viktig infrastruktur for økonomien, og er viktig for at sparing effektivt kan bli kanalisert til investeringar. Den internasjonale finanskrisa har stadfesta at marknaden ikkje kan styre seg sjølv. Det er naudsynt med politisk styring gjennom reguleringar som kan førebyggje kriser, og som kan sikre tillit, demokratisk innsyn og forbrukarinteresser. Regjeringa legg vekt på å ha heilskaplege reguleringar av finansmarknaden og å sikre eit sterkt kredittilsyn med makt og kapasitet til å overvake heile finanssektoren. Gjennom kapitalkrav og ulike sikringsordningar vil vi sikre innskyttarane og medverke til stabilitet for norske bankar. Gjennom regulering av rettane til kundane, krav til informasjon og til ulike finansprodukt skal det leggjast til rette for rettferdig konkurranse som varetek omsynet til lånekundane og dei som vil plassere sparepengar. Gjennom statleg deleigarskap i DNB Nor vil vi sikre nasjonal forankring av det største finanskonsernet vårt.

Regjeringa har valt eit eige utval som skal analysere årsakene bak finanskrisa og peike på styrkar og veikskapar ved Noreg sitt møte med finanskrisa. Innstillinga frå finanskriseutvalet vil danne grunnlag for vidare arbeid på dette området. Regjeringa må løpande vurdere behovet for å forsterke reguleringar og tilsynsstyresmakt overfor finansinstitusjonane og finansmarknadene. Regjeringa vil forsvare innskotsgarantien for bankinnskott i norske bankar.

Retningslinene for den økonomiske politikken

Arbeid til alle, auka verdiskaping i heile landet og ei berekraftig utvikling er grunnleggjande omsyn i den økonomiske politikken til regjeringa.

Vi vil føre ein finanspolitikk som medverkar til ei stabil økonomisk utvikling både på kort og lang sikt. Vi legg til grunn handlingsregelen for budsjettpolitikken. Over tid skal bruken av petroleumsinntekter tilsvare realavkastninga av Statens pensjonsfond - Utland slik at også komande generasjonar får nytte godt av petroleumsformuen.

Pengepolitikken skal framleis verke saman med finanspolitikken og medverke til høg sysselsetjing, stabil produksjon og stabil inflasjon, og blir vidareført slik det er nedfelt i føresegn om pengepolitikken.

Regjeringa har ført ein særskild ekspansiv finanspolitikk for å motverke verknadene av finanskrisa og det internasjonale økonomiske tilbakeslaget. Bruken av oljeinntekter er derfor no kome opp på eit mykje høgt nivå, og mykje av det handlingsrommet handlingsregelen gjev er alt utnytta. Når veksten i økonomien tek seg opp, må bruken av oljeinntekter igjen tilsvare realavkastninga av Statens pensjonsfond - Utland. Dette vil avgrense handlingsrommet i budsjettpolitikken.

Handlingsrommet i budsjettpolitikken skal nyttast til å auke vekstkrafta og verdiskapinga, styrkje sysselsetjinga, vidareutvikle velferdsordningane og vidareutvikle Noreg som eit miljøpolitisk føregangsland.

I denne plattformen legg vi fram dei felles målsetjingane våre for politikken dei neste fire åra. Kor langt vi lukkast i å nå måla, vil avhenge av det økonomiske handlingsrommet. Kor stort dette handlingsrommet blir, er avhengig av ein del faktorar som det er vanskeleg å spå utviklinga av. Dette gjeld blant anna den økonomiske utviklinga internasjonalt, veksten i regelbundne utgifter i folketrygda, varierende skatteinntekter og framtidig oljepris. Omsynet til låg arbeidsløyse og høg sysselsetjing, stabil økonomisk og berekraftig utvikling er det grunnleggjande omsynet i den økonomiske politikken til regjeringa.

Forvaltning av Statens pensjonsfond - Utland

Statens pensjonsfond - Utland skal forvaltast slik at formuen gjev god avkastning også på lang sikt. Dette er avhengig av at ein oppnår ei berekraftig utvikling i økonomisk, økologisk og sosial forstand, og dessutan av velfungerande, legitime og effektive marknader. Det skal byggjast vidare på gjeldande retningslinjer for å styrkje fondet som ein ansvarleg investor. Det blir sikta mot beste internasjonale praksis i alle delar av forvaltninga. Opplegget til regjeringa for å styrkje kontroll- og tilsynsapparat blir følgt opp og fondet skal vere i front for å utvikle beste praksis på området for ansvarlege investeringar.

Fondet skal forvaltast på ein ansvarleg måte som tek omsyn til god selskapsstyring, sosiale tilhøve, særleg rettane til barn, klima og miljø, i tråd med prinsippa i St.meld. 20 (2008–2009). ILO sine kjernekonvensjonar vil framleis vere ein del av grunnlaget når ein vil reagere overfor selskap som bryt rettane til arbeidstakarane.

Klimaendringar er blant dei største trugsmåla mot den langsiktige avkastninga til fondet. Regjeringa vil arbeide vidare med å tilpasse investeringsstrategien for fondet til klimaproblemet. Det skal gjerast ein grundig analyse av kor utsett fondet er overfor klimarisiko, og vurderast endringar i porteføljen som kan

redusere denne risikoen. Regjeringa har eit høgt ambisjonsnivå for klima og miljøprofilen for Statens pensjonsfond - Utland. Vi vil utvikle miljø- og klimastrategiane for fondet vidare i perioden. Det skal etablerast eit investeringsprogram for miljø. Det blir vurdert å utvide rammene for miljøinvesteringsprogrammet ytterlegare, etter kvart som ein vinn røynslar.

Investeringane til fondet i fattige land kan medverke til raskare økonomisk vekst i desse landa. Regjeringa vurderer å etablere eit investeringsprogram for berekraftig vekst i utviklingsland.

Målet for forvaltninga av Statens pensjonsfond - Utland er å oppnå høgast mogeleg finansiell avkastning innanfor moderat risiko. Det skal gjerast ei brei vurdering av om – eller i kva omfang – aktiv forvaltning i fondet skal vidareførast. Det blir teke sikte på avgjerd om dette i 2010.

Skatte- og avgiftspolitikken

Vi vil arbeide for eit skattesystem som gjev stabile inntekter til fellesskapet, medverkar til rettferdig fordeling, eit betre miljø, fremjar sysselsetjinga og verdiskapinga i heile landet og som betrar verkemåten til økonomien. Det er viktig at skatte- og avgiftssystemet har brei oppslutning i folket og blir oppfatta som rimeleg og rettferdig.

Skattepolitikken er ein viktig reiskap i den økonomiske politikken, blant anna for å skape rettferdig fordeling og økonomisk handlingsrom til å løyse viktige fellesoppgåver. Dei som har høge inntekter og store formuar må medverke med ein større del av inntekta si i skatt enn dei som har låge inntekter og formuar. Dette tilseier at vi framleis skal byggje på breie skattegrunnlag, og unngå hol og unnatak som undergrev eit rettferdig skattesystem. Regjeringa vil understreke behovet for å vareta stabile og konkurransedyktige rammevilkår for næringslivet når det gjeld skatt. Vi vil framleis bruke særavgifter som verkemiddel for å fremje omsynet til blant anna helse og miljø.

Vi vil i komande stortingsperiode vidareføre det samla skatte- og avgiftsnivået som i dag. Innanfor dette nivået er det rom for å skape ei betre fordeling.

Regjeringa vil halde fram med politikken for å fremje miljøvennleg åtferd og for å finansiere tiltak for eit betre miljø. Vi vil forsere arbeidet med å setje ein pris på forureining gjennom miljøavgifter og gjennom bruk av klimakvotar.

Regjeringa vil forenkle skattesystemet gjennom å tette hol som gjev høve til skattetilpassing.

Regjeringa vil også halde fram arbeidet mot skatteunndragingar, blant anna ved å inngå fleire skatteavtaler som sikrar innsyn i skatteparadis og ved

framleis fokus på bruken av internprising i multinasjonale selskap for å minimere skattebelastninga. Regjeringa vil følgje opp innstillinga frå skatteunndragingsutvalet.

Regjeringa vil:

- styrkje arbeidet for å hindre svart økonomi og skatteunndragingar både nasjonalt og internasjonalt, medrekna følgje opp forslag frå skatteunndragingsutvalet
- følgje opp forslaget frå regjeringa om momskompensasjon for frivillig sektor
- arbeide internasjonalt mot skattekonkurransen
- auke fagforeiningsfrådraget
- leggje fram ein ny handlingsplan mot økonomisk kriminalitet
- halde fram med omlegginga av bilavgiftene for å stimulere til val av meir miljøvennlege bilar
- forsere arbeidet med å setje ein pris på forureining
- ha ei grundig evaluering av skattereforma av 2006, med særleg blikk på fordelingsverknadene, og dessutan verdiskaping
- sikre vidareføring av differensiert arbeidsgjevaravgift også etter 2014
- oppretthalde formuesskatten, men arbeide med endringar som medverkar til meir rettferdig fordeling og betre rammevilkår for norsk næringsliv
- halde dei samla skattane og avgiftene på same nivå som i dag
- i samband med evalueringa av skattereforma vurdere rammevilkåra for enkeltpersonsføretak samanlikna med aksjeselskap når det gjeld skatt

KAPITTEL 4: NÆRINGSPOLITIKK

Regjeringa vil føre ein næringspolitikk som legg til rette for eit nyskapande, kunnskapsbasert og miljøvennleg næringsliv. Strategiske nasjonale satsingar skal medverke til å gjere Noreg til eit miljøpolitisk føregangsland og skape arbeidsplassar i heile landet. Vi vil satse vidare på dei områda der vi har spesielle føresetnader for å vere gode, som energi og miljø, reiseliv, marin og maritim sektor, blant anna gjennom satsing på forskning og utvikling.

Eksportretta industri og tenesteleverandørar utgjer ein stor del av sysselsetjinga og verdskapinga. Mange bedrifter er verdsleiarar innan områda sine. Gjennom ein ansvarleg økonomisk politikk og inntektspolitikk vil vi medverke til å vidareutvikle industrien og andre eksportretta næringer. Konkurransedyktige rammevilkår og aktiv handelspolitikk er også viktig for å sikre konkurranseutsett sektor.

Vi vil leggje vekt på gode finansierings- og stønadsordningar. Det er viktig å produsere varer og tenester med høge krav til kompetanse som det er vanskeleg for andre å kopiere. Satsing på utdanning, næringsretta forskning og kompetanseutvikling er derfor heilt sentralt i næringspolitikken til regjeringa. Vi vil styrkje kommersialiseringa av forskingsresultat. Vi vil leggje til rette for utvikling og bruk av norsk miljøteknologi.

God omstillingsevne er ei konkurranseføremon for norsk næringsliv og er avgjerande for å lukkast i internasjonale marknader. Den norske modellen medverkar til omstilling og vi vil ta vare på og vidareutvikle denne.

Eksisterande bedrifter må vidareutviklast, og det skal leggjast til rette for entreprenørskap og på etablering av nye små og mellomstore bedrifter. Vi vil vidareføre arbeidet vårt med forenkling for å redusere rapporteringsutgiftene til bedriftene.

Vi vil medverke aktivt til omstilling i næringslivet og tilrettelegging for nye og framtidretta næringer og arbeidsplassar. Vi vil snu utfordringar til sjansar for næringslivet gjennom å satse på fornybar energi og ny miljøteknologi.

Regjeringa vil vidareutvikle Noreg som reiselivsdestinasjon, med basis i natur- og kulturressursane i Noreg. Ivaretaking av desse ressursane er ein føresetnad for ei positiv utvikling av reiselivsnæringa i framtida.

Reiselivsnæringa må derfor sjåast i samanheng med andre viktige politikkområde som kultur, landbruk, samferdsel og distriktpolitikk. Nord-Noreg har unike reiselivstilbod, og må få høve til å utløyse potensialet sitt. Regjeringa vil gjere ei samla vurdering av ordningane med statleg kapitaltilførsle til små og mellomstore bedrifter i ein tidleg fase. Siktemålet må vere at bedrifter med gode og lønnsame idear kan få finansiering.

Staten er ein stor eigar i norsk næringsliv. Staten skal vere ein aktiv, langsiktig, profesjonell og føreseieleg eigar i norsk næringsliv. Regjeringa vil ha eit statleg eigarskap for å sikre at viktige bedrifter og kompetanse blir verande og vidareutviklar seg i Noreg, blant anna gjennom vidareforedling av norske naturressursar. Vi vil sikre offentleg eigarskap til dei felles energiressursane og petroleumsførekomstane våre. Regjeringa vil medverke til auka eigarskap basert på samvirke og bedrifter som dei tilsette eig.

I den neste eigarskapsmeldinga vil regjeringa halde fram oppfølginga av arbeidet i selskapa når det gjeld samfunnsansvar: etikk, miljø og vilkåra til leiarane. Eigarskapspolitikken skal framleis baserast på den etablerte ansvarsdeling mellom eigar og selskap, og på prinsippa om god eigarstyring. Målet er at selskap der staten er eigar skal vere leiande i bransjen sin på lågutslepp og utvikling av klimareduserande teknologi.

Regjeringa vil:

- medverke til gode og konkurransedyktige rammevilkår for norske bedrifter
- gjennomføre forenklingar for næringslivet, spesielt retta mot små og mellomstore bedrifter, medrekna sjå på endringar i blant anna rekneskapslova og aksjelova
- leggje til rette for langsiktig krafttilgang for industrien på konkurransedyktige vilkår, blant anna gjennom ei garantiordning for langsiktige kraftkontraktar, etablering av innkjøpskonsortium, auka tilgang på fornybar kraft og offentleg stønad til energigjenvinning i industrien
- vidareføre reiarlagskatteordninga som blei vedteken i 2007
- arbeid aktivt i IMO for strengare regelverk for tryggleik og miljø i skipsfarten
- vidareføre nettolønnsordninga for sjøfolk
- følgje opp den maritime strategien
- vidareutvikle den nasjonale reiselivsstrategien bygd på nærleik til natur og norsk kultur som varetek satsinga på grønt reiseliv og reiselivsnæringa som distriktsnæring

- styrkje kunnskapen om Noreg som reisemål og forsterke arbeidet med merkevarebygging og marknadsføring av Noreg som reisemål i inn- og utland
- auke satsinga på næringsretta forsking og vidareføre Skattefunnordninga
- satse på utvikling og bruk av miljøteknologi gjennom tilskot og tiltak for å redusere utslepp gjennom miljøavgifter og avtaler med industrien
- leggje til rette for nye berekraftige arbeidsplassar i tenesteytande næringar
- oppretthalde dei statlege eigarpartane i viktige statlege selskap, deriblant Telenor, Norsk Hydro, DnBNor og Statoil. Statkraft SF, Statnett og Statskog skal framleis vere heilåtte statlege selskap
- arbeide for å fremje norsk eksport av fisk og fiskeprodukt og dessutan andre eksportinteresser i dei pågåande WTO-forhandlingane
- at utslepp frå kraftintensiv industri skal regulerast innanfor kvotesystemet til EU
- det samla verkemiddelapparatet retta mot norsk næringsliv skal gjennomgåast for å vurdere korleis det i større grad enn i dag kan medverke til utvikling av miljøteknologi, fornybar energi og meir miljøvennleg produksjon

Ein variert landbruks- og matproduksjon over heile landet

Landbruket spelar ei viktig rolle for busetjing og sysselsetjing i store delar av landet. Den viktigaste rolla til det norske landbruket er å produsere trygg og rein mat for eiga befolkning. Matkrisene dei siste åra viser verdien av dette. Landbruks- og matpolitikken legg grunnlaget for næringar og opplevingar innan utmark, reiseliv, næringsmiddelindustri, opne kulturlandskap og biologisk mangfald. Matjord er ein avgrensa ressurs som det er eit nasjonalt ansvar å ta vare på for etterkomarane våre. Målet er å oppretthalde eit levande og mangfaldig landbruk og eit berekraftig skogbruk over heile landet som gjev attraktive arbeidsplassar og sikrar rekruttering.

Med sikte på å leggje grunnlaget for ein framtidsretta landbruks- og matpolitikk vil regjeringa gjennomgå landbruks- og matpolitikken i ei eiga stortingsmelding.

Regjeringa vil:

- vidareutvikle inntekts- og velferdspolitikken i landbruket frå førre periode
- gjennomgå landbruks- og matpolitikken i ei eiga stortingsmelding
- vidareføre jordbruksforhandlingane og marknadsordningane. Rolla til samvirket som marknadsregulator og avtakar av norske råvarer frå heile landet skal sikrast
- sikre eit landbruk med ein variert bruksstruktur over heile landet gjennom ein klar distriktsprofil, og vidareføre styrking av det grasbaserte husdyrhaldet
- sikre eit sterkt importvern som ein viktig føresetnad for å oppretthalde landbruksproduksjonen og ein innovativ og offensiv norsk næringsmiddelindustri i heile landet. Noreg skal arbeide internasjonalt for eit internasjonalt rammeverk (EØS/WTO) som sikrar dette. Ved ei eventuell ny WTO-avtale skal regjeringa ta i bruk alle dei verkemidla avtala gjev til å sikre norsk landbruksproduksjon og norsk næringsmiddelindustri. Ved ei slik avtale må det gjevast kompensasjon for tap av inntekt. Eventuell vidareutvikling av avtalene våre med EU må utformast på ein gjensidig gagnleg basis innanfor den respektive landbrukspolitikken til partane
- gjere landbruket til ein del av klimaløysinga ved å følgje opp St. meld. nr. 39 (2008–2009). Vurdere verkemiddel for å utvikle biogassanlegg og industrielle verdikjeder for bioenergi med basis i ressursane til landbruket står her sentralt
- følgje opp høyringsnotatet om jordvernpolitikken, deriblant vurdere ein heimel for varig vern av dyrka jord
- stå fast på det unnataket som vi fekk i EØS-avtala om at det er norske styresmakter som avgjer kva for genmodifiserte produkt som kan utsetjast, bli marknadsførte og selde i Noreg. Vi skal vidareføre ei restriktiv haldning
- auke landbruksbistanden for å styrkje global mattryggleik
- sikre ei livskraftig reindriftsnæring i balanse med beiteressursane, og som medverkar til å oppretthalde samisk eigenart. Vi vil evaluere reindriftsforvaltninga

- at det skal vere eit mål at 15 prosent av matproduksjonen og matforbruket i 2020 skal vere økologisk
- stimulere til auka satsing innanfor vare- og tenesteproduksjon, matspesialitetar, grønt reiseliv, utmarksnæringar og "inn på tunet"
- sikre grunnutdanning og vidareutdanning i landbruket, og auke konkurranse og innovasjonsaktiviteten i heile verdikjeda for mat og andre landbruksbaserte næringar gjennom auka satsing på kunnskap og forskning

Fiskeri- og havbrukspolitikk

Noreg har særeigne framtidsutsikter knytt til vår plass i nord og ved kysten. Dei viltlevande marine ressursane og det tilhøyrande genetiske materialet, er egedomen til fellesskapet. Dette skal sikrast for framtidige generasjonar gjennom berekraftig forvaltning. Regjeringa vil styrkje kunnskapen om korleis klimaendringane og spesiell havforsuringa vil påverke dei marine næringane og livet langs kysten. Vi vil sikre langsiktig nasjonal råderett og styring over dei marine ressursane og havområda våre. For å sikre ei lønnsam fiskerinæring må ressursforvaltninga bli meir berekraftig.

Regjeringa vil ha ein variert flåte og rettferdig fordeling av fiskeressursane som medverkar til å sikre sysselsetjing og busetjing i kystsamfunna. Regjeringa vil vidareføre dagens strukturpolitikk og sikre flåten under 11 meter eit stort nok kvotegrnlag til å kunne drive lønnsamt.

Verdiskapinga av dei felles fiskeressursane våre skal i størst mogeleg grad kome dei fiskeriavhengige kystsamfunna til gode.

Regjeringa vil leggje til rette for ein fiskeflåte som medverkar til aktivitet og sysselsetjing langs heile kysten, og som kan sikre industrien heilårig stabil tilgang på råstoff. Det er viktig å ta vare på dei lokalt forankra selskapa i fiskeri- og havbruksnæringa.

Fiskeristyresmaktene skal løpande vurdere behovet for å gje nye fiskerettar for å sikre rekrutteringa av unge fiskarar, eller for å vareta særskilde nærings- eller distriktspolitiske omsyn. Nasjonale styresmakter skal årleg kunne setje av inntil 10 prosent av den nasjonale kvoten til landing og foredling i spesielt utsette distrikt, for å sikre sysselsetjinga i industrien.

Noreg skal vere den fremste sjømatnasjonen i verda. Da må vi liggje i front når det gjeld kunnskap område som berekraftig ressursbruk, havmiljø, klima, produktutvikling og marknad. Derfor vil regjeringa styrkje den marine forskinga, og stimulere til omstilling og nyskaping.

Fiskeri- og havbruksnæringa skal vidareutviklast ved å byggje på føremona vår med tilgang på ferskt råstoff av høg kvalitet. Regjeringa vil leggje til rette for auka vidareforedling i Noreg, blant anna ved å sikre industrien stabil heilårig tilgang på råstoff.

Det skal leggjast til rette for vidare vekst i havbruksnæringa innanfor berekraftige rammer. Strategien for berekraftig havbruk skal leggjast til grunn. Arbeidet med å redusere lakselus og rømming vil bli høgt prioritert.

Det meste av sjømaten som blir produsert i Noreg blir eksportert. Derfor skal arbeidet med å sikre marknadstilgang ha høg prioritet.

Regjeringa vil:

- sikre ei berekraftig forvaltning av dei marine ressursane
- sikre god ressurskontroll i fiskeria og nedkjempe ulovleg, uregulert og urapportert fiske, blant anna gjennom nærvær av Kystvakta og flyovervaking
- arbeid for eit internasjonalt forbod mot utkast av fisk
- sikre ein desentralisert mottaksstruktur gjennom avsetning til føringsordningar og mottaksstasjonar der det ikkje er andre alternativ for levering
- oppretthalde deltakarlova og råfisklova
- ha fokus på at verdiskapinga innan sjømatnæringa kan aukast gjennom betre samhandling i heile verdikjeda
- styrkje den marine forskinga
- styrkje kunnskapen om kva effektar klimaendringar vil ha på økosystema i havet og det kystbaserte næringslivet
- førebyggje arealkonfliktar og leggje til rette for sameksistens mellom dei ulike aktørane som nyttar kystsona
- styrkje den nasjonale satsinga på fangstbasert havbruk og oppdrett av nye artar
- følgje opp regjeringa sin strategi for marin bioprospektering
- ikkje tillate torskeoppdrett i gyteområde for villtorsk

Forbrukarpolitikk

Trygge, velinformerte og aktive forbrukarar er viktig for godt fungerande marknader og økonomisk utvikling. Den einskilde forbrukaren kan kjenne seg makteslaus mot selskapa sitt informasjonsovertak og mogelege middel for marknadspåverknad. Regjeringa vil derfor sikre rettane til forbrukarane.

Samanhengen mellom forbruk, miljø og klima skal synleggjerast. Barn og unge skal skjermast mot marknadsføringspress, offentlege arenaer som skule skal vere reklamefrie.

Regjeringa vil:

- gjennomgå rettane til bustadkjøparane ved kjøp av ny og brukt bustad, jf. blant anna NOU 2009:6
- arbeide for å sikre rettane til forbrukarane ved kjøp av handverkartenester
- medverke til å vidareutvikle nøytrale informasjonskanalar for pris og kvalitet, til dømes gjennom fleire prisportalar
- vidareutvikle finansportalen som den sentrale forbrukarretteiinga innanfor finansielle tenester og produkt
- gjere ein heilskapleg gjennomgang av forbrukarvernet innan finansområdet og særleg styrkje tilsyn og kontroll med produktutvikling og marknadføring av finansielle produkt overfor forbrukarane
- gjennomføre ei utgreiing om styrketilhøva i verdikjeda for mat som skal medverke til offentleg innsyn, og dessutan sikre forbrukarinteressene og ein tilfredsstillande kontroll frå samfunnet
- oppretthalde dagens forbod mot politisk reklame på TV

KAPITTEL 5: SAMFERDSEL

Regjeringa vil sikre gode kommunikasjonar i heile landet og auke satsinga på samferdsel slik at tiltaka i Nasjonal transportplan blir gjennomførte og måla nådde. Derfor gjennomfører vi eit taktskifte i samferdslepolitikken. Vi vil ruste opp infrastrukturen for å gjere kvardagen enklare for folk, for å betre miljøet,

gjere samfunnet meir inkluderande og tilgjengeleg for alle og for å styrkje konkurransekrafta til næringslivet.

Regjeringa vil redusere transportkostnadene i næringslivet for å styrkje konkurranseevna og sikre langsiktig verdiskaping. Gode transportalternativ er viktig for å ta heile Noreg i bruk, og for å ha aktive og levande distrikt. Regjeringa vil framleis medverke til å auke mobildekninga og halde fram arbeidet med å leggje til rette for breiband med stor nok kapasitet til å møte framtidige behov.

Auka satsing på samferdsel vil for distrikta tyde ei auka satsing på utbygging og vedlikehald av vegnettet, eit godt ferjetilbod og utbetring av hamner og farleier. I byar og bynære område tyder det ei styrking av vegnettet og jernbana og ei styrking av høvet til fylkeskommunane til å byggje ut kollektivtrafikken, medrekna bybane. Satsinga på kollektivtransport og jernbane vil vere særleg sterk i og omkring dei største byane, mens veksten i løyvingar til veg vil vere særleg sterk elles i landet.

Nullvisjonen for tal drap i trafikken vil vere styrande for alle delar av transportsektoren.

Regjeringa vil redusere klimautsleppa og effektivisere ressursbruken i transportsektoren. Samferdslepolitikken til regjeringa skal medverke til å nå måla i klimapolitikken. Arbeidet med å utvikle nye verkty for å utrekne effekten av større prosjekt på klimautslepp held fram i tråd med Nasjonal transportplan. Arealpolitikk og samfunnsplanlegging skal medverke til å redusere transportbehovet og byggje opp om eit godt kollektivtilbod. Noreg skal vere eit føregangslan i å ta i bruk miljøteknologi og fornybar energi i transportsektoren.

Vegar, jernbane og ferjetransport

Regjeringa vil:

- gjennomføre eit lyft for transport og kommunikasjon ved å følgje opp Nasjonal transportplan (2010–2019) i dei årlege budsjetta, medrekna følgje opp den store satsinga på vedlikehald og nyinvesteringar på vegnettet
- styrkje dei frie inntektene til fylkeskommunane blant anna for å auke fylkeskommunane sitt høve til å utvikle tiltak på samferdselsområdet
- auke satsinga på rassikringstiltak i tråd med Nasjonal transportplan
- styrkje kontrollverksemda og tryggleiksarbeidet på vegane

- innføre ei ordning med fraktutjamning på drivstoff
- auke frekvens og kapasitet på riksvegferjer, og leggje til rette for at det same kan skje på fylkesvegferjer
- auke prosentdelen gassferjer
- styrkje satsinga på jernbana gjennom ei auka satsing på vedlikehald og nyinvesteringar i tråd med Nasjonal transportplan og gjennom eit auka statleg kjøp av togtenester
- leggje til rette for at meir gods kan flyttast frå veg til bane
- leggje fram eit vedtaksgrunnlag om høgfartsbane som har bygging som siktemål. Utreiingane vil vise om det er mogeleg å nå dette siktemålet

Kollektivtransport

Regjeringa vil:

- i dei store byane medverke til at det i større grad blir nytta kollektive transportmiddel og sykkel til arbeidsreiser
- doble midlane til påskjønningssordninga for betre kollektivtransport og mindre bilbruk i løpet av fireårsperioden. Midlane er reservert byområde som inngår fleirårige avtaler med staten om bruk av verkemiddel som gjev redusert biltrafikk
- følgje opp målsetjinga om eit meir universelt utforma kollektivsystem
- leggje til rette for nye ekspressbussruter og tilførselsruter
- satse på utbygging av samanhengande sykkelnett i byområde og tettstader. Samtidig må bygginga av gang- og sykkelveggar prioriterast langs trafikkfarlege vegar som også er skuleveg
- leggje til rette for å auke elev- og studentrabatten

Klima og miljø

Regjeringa vil:

- styrkje Transnova og etablere det som permanent organ for å redusere utsleppa i transportsektoren

- vedta ein tiltaksplan for raskare innfasing av køyrety med låge eller ingen utslepp
- framleis støtte utbygginga av ladestader for elbilar
- vere pådrivar internasjonalt for innføring av eit sertifiseringssystem for biodrivstoff
- setje berekraftskrav til 2. generasjons biodrivstoff, og framleis medverke til at slikt drivstoff kan produserast i Noreg
- innlemme norsk luftfart i kvotehandelsystemet til EU og arbeide for at internasjonal luftfart skal omfattast av neste internasjonale klimaavtale
- i tråd med føringane i Nasjonal transportplan føre ei svært restriktiv line i omdisponeringa av dyrka jord

Den digitale allemannsretten

Regjeringa vil:

- framleis medverke til å auke mobildekninga
- halde fram arbeidet for å leggje til rette for breiband med stor nok kapasitet til å møte framtidige behov innan skule, helse, næringsliv og hushald i heile landet
- Arbeidarpartiet vil implementere datalagringsdirektivet under føresetnad av at det i utgreiinga ikkje kjem fram klare negative konsekvensar for personvernet. Sosialistisk Venstreparti og Senterpartiet vil av personvernomsyn gå mot implementering av datalagringsdirektivet til EU i norsk rett. Statsrådene til SV og Sp og stortingsrepresentantane deira blir fristilte i denne saka

Eit godt flytilbod

Kortbanenettet og stamrutenettet er ein viktig del av infrastrukturen i landet. Vi ønskjer eit flyplassnett som gjev eit tidsmessig tilbod over heile landet. Ordninga med at overskotsflyplassar betaler for dei ulønnsame flyplassane skal vidareførast.

Regjeringa vil:

- oppretthalde det regionale flyplassnett med mindre det er oppslutning lokalt om å gjere endringar ut frå innretninga av det totale transporttilbodet i området
- vidareføre ordninga med kjøp av ulønnsame flyruter for å sikre eit godt flyrutetilbod i heile landet. Regjeringa vil arbeide for større konkurranse om rutene, blant anna gjennom lengre tilbodsperiodar. I område med spesielle avstandsutfordringar, særleg i Nord-Noreg, vil vi arbeide for å forbetre tilbodet
- sikre at utviklinga av flyplassar utanfor Avinor-systemet ikkje svekkjer høvet til å oppretthalde eit desentralisert flyplasstilbod over heile landet. Regjeringa vil vurdere tiltak for å sikre finansieringa av Avinors lufthamner

Posttenester i heile landet

Posttenestene er viktige for å oppretthalde busetjing og næringsliv i heile landet. Regjeringa vil gjennom konsesjon sikre å oppretthalde dei samfunnspålagte oppgåvene Posten Noreg har.

Regjeringa vil:

- leggje fram framlegg til ny postlov for å oppretthalde eit likeverdig tilbod av posttenester i heile landet til lik pris
- at einingsporto skal oppretthaldast
- utsetje implementeringa av det tredje postdirektivet til EU. Vi vil innhente kunnskap og utgreie konsekvensar av ei eventuell implementering av direktivet

Sjøvegen

Sjøtransporten representerer både ei miljøvennleg og kostnadseffektiv transportform, og samtidig eit trugsmål for miljøet om uhell hender. Nasjonal transportplan 2010–2019 representerer eit historisk lyft for sjøtransporten og maritim infrastruktur.

Regjeringa ønskjer å stimulere til vekst i sjøtransporten samtidig som sjøtryggleik og førebyggjande tiltak mot uønskete hendingar skal prioriterast. Den statlege oljevernebuinga skal styrkjast ytterlegare.

Regjeringa vil:

- følgje opp planramma og prioriteringane i Nasjonal transportplan 2010–2019 og med det auke løyvingane til fiskerihamner og maritim infrastruktur
- styrkje overvåkings- og varslingsssystemet for havområda og vernebuinga mot forureining til sjøs
- arbeide med å etablere seglingsleier langs heile kysten og styrkje den statlege slepebåtvernebuinga
- halde fram arbeidet med å styrkje oljevernebuinga, slik at den blir utvikla i tråd med miljørisikoanalysar, utstyrvurderingar og trafikkutviklinga langs kysten
- utvikle hamnene til effektive knutepunkt i godstrafikken
- redusere gebyra frå sjøtransporten for å stimulere til auka godstransport på sjø
- oppretthalde Hurtigruta

KAPITTEL 6: FOLKESTYRE, LOKALSAMFUNN OG REGIONALPOLITIKK

Folkestyre

Folkestyret inneber eit styresett med innverknad for dei mange og spreing av makt, kapital og eigedom. Eit levande og desentralisert demokrati med brei deltaking er grunnleggjande for å møte samfunnsutfordringane. Eit levande lokaldemokrati er grunnsteinen i folkestyret.

Det er gjennom folkeleg engasjement og folkevalt styring vi best kan løyse miljøproblema, få fleire i arbeid, sikre utjamning mellom grupper, regionar og land, sikre nasjonal og lokal råderett over naturressursane og norsk eigarskap i næringslivet.

Dersom viktige politiske målsetjingar skal bli varetekne, må marknadene korrigerast gjennom styring frå folkevalde organ. Skal viktige samfunnsinteresser som omsynet til miljø og sosial og geografisk fordeling sikrast, kan ikkje utviklinga overlatast til marknadskreftene aleine.

Kommunane har det overordna ansvaret for store delar av velferdstilbodet til innbyggjarane sine, og skal sikrast ressursar og handlefridom til å løyse viktige velferdsoppgåver. Rolla til kommunane og fylkeskommunane som samfunnsutviklar skal styrkjast.

Ein styrkt kommunesektor er viktig for å sikre at kompetansesarbeidsplassar blir spreidde ut over heile landet og for at den skal vere i stand til å drive aktiv næringsutvikling. Regjeringa vil gjennom ein heilskapleg politikk overfor kommunesektoren framleis sikre at oppgåver blir løyste på lågast mogeleg føremålstenlege forvaltningsnivå.

Regjeringa vil:

- at endringar i kommunestrukturen skal vere basert på fri vilje. Der det er lokal tilslutning til endring blir dei faktiske kostnadene knytte til samanslåingsprosessen dekte av staten
- leggje til rette for å styrkje samhandlinga mellom kommunesektoren og frivillig sektor
- gjennomføre forsøk med stemmerett ved lokalvalet i 2011 for ungdom som fyller 16 eller 17 år i valåret
- leggje til rette for auka deltaking i politisk verksemd og sørge for brei representasjon i offentlege utval, styre og råd
- vere positiv til at kommunane legg til rette for auka deltaking frå innbyggjarane i lokalpolitiske saker, medrekna deltakande budsjettering

Levande lokalsamfunn

Regjeringa meiner ein sterk og sunn kommuneøkonomi er ein føresetnad for eit godtvelferdstilbod i heile landet. Dei frie inntektene til kommunesektoren skal styrkjast monaleg i løpet av stortingsperioden slik at tilbodet innanfor barnevern, skule og pleie og omsorg kan betrast. Kommunesektoren skal i all hovudsak vere rammefinansiert. Øyremerkte tilskot skal som hovudregel vere knytte til viktige nasjonale prioriteringsområde i ein oppstartsfase, eller finansiering av oppgåver som få kommunar har ansvar for.

Regjeringa vil:

- i samråd med kommunesektoren sikre ein robust og berekraftig kommuneøkonomi. Dei samla ressursane skal brukast slik at tenestetilbodet kan styrkjast, kvaliteten betrast og vedlikehaldet bli vareteke. Alle nye statlege pålegg eller reformer blir fullfinansierte

- at samkommunemodellen skal utgreiast og vurderast lovfesta
- setje i verk samhandlingsreforma for å sikre fleire, betre og tidlegare helsetenester der folk bur
- sikre kapasitet og kompetanse i kommunane for å handtere dei nye plan- og miljøoppgåvene
- at trepartssamarbeidet som er etablert i kvalitetskommuneprogrammet skal utviklast vidare

Innsyn, offentlegskap, ytringsfridom og personvern

Ein fri samfunnsdebatt er livsnerva i demokratiet. Regjeringa vil derfor forsvare ytringsfridomen. Retten til å vere informert er avgjerande for høvet folk har til å delta i samfunnsdebatten.

Ytringsfridomen skal vere reell, både i arbeidsliv og i privatliv. Personvernet kan kome i konflikt med andre føremål. Regjeringa vil ha fokus på at personvernet ikkje blir svekt. Det må etablerast ordningar som både tek omsyn til samfunnsbehovet for innsyn og kontroll og retten for enkeltmennesket til personvern. Regjeringa vil på grunnlag av høyringa ta stilling til Personvernkommissjonens rapport.

Regjeringa vil:

- verne om retten for enkeltmennesket til privatliv og til politisk organisering utan innsyn frå styresmaktene
- verne retten til å uttale seg til ålmenta for tilsette og tillitsvalde
- sikre personvernet gjennom framleis å styrkje Datatilsynets arbeid

Lokal vekstkraft

Regjeringa vil at alle skal ha reell fridom til å busetje seg der dei vil. Vi vil sikre likeverdige levekår og ta ressursane i heile landet i bruk. Regjeringa vil oppretthalde hovudtrekka i busetjingsmønsteret for å vidareføre og vidareutvikle det mangfaldet i historie, kultur og ressursar som ligg i dette og arbeide aktivt for å motverke ytterlegare sentralisering. Regjeringa vil vidareføre det distriktspolitiske lyftet sitt for å styrkje den lokale og regionale vekstkrafta i område med låg økonomisk vekst, lang avstand til større marknader, einsidig næringsstruktur og stagnasjon eller nedgang i folketalet.

Regjeringa vil samtidig leggje til rette for å utnytte verdiskapingspotensiala og møte levekårsutfordringane i alle delar av landet, også i område med vekst i økonomi og folketal. Godt fungerande tettstader og byar er ein føresetnad for livskraftige regionar, tilflytting og verdiskaping.

Det er viktig å sikre at kompetansearbeidsplassar blir spreidde ut over heile landet. Lokalisering av statlege arbeidsplassar er eit sentralt verkemiddel for å medverke til dette. Vekst i ny statleg verksemd skal skje utanfor Oslo, men vi vil ikkje gjennomføre omfattande utflytting av eksisterande statlege arbeidsplassar.

Regjeringa vil:

- føre ein offensiv politikk for å utvikle ressursane, kvalitetane og framtidsutsiktene i distrikta
- gjennomføre eit bulystprogram som skal auke attraktiviteten til stader som slit med fråflytting
- forsterke kompetansen i kommunane til å drive utviklingsarbeid
- styrkje og vidareutvikle fylkeskommunen som regional utviklingsaktør. Vi vil utvikle verkemiddel for å sikre at også fylke med fleire – eller alle – kommunar utanfor det distriktspolitiske verkeområdet skal ha grunnlag for å drive regionalt utviklingsarbeid i heile fylket
- styrkje rolla til fylkeskommunane i kommunale omstillingsprosessar
- at det ved etablering av nye statlege verksemdar blir generelt lagt til grunn at desse skal lokalisert utanfor Oslo. Unntak frå dette skal ha særskild grunngjeving. Det er eit mål at også nye funksjonar som blir etablerte som eigne einingar i tilknytning til eksisterande statlege verksemdar blir lokaliserte utanfor Oslo
- at det skal gjerast ein ekstern gjennomgang for å fremje konkrete framlegg til tiltak for å sikre at kompetansearbeidsplassar og nye statlege arbeidsplassar blir spreidde ut over heile landet. Også tiltak for å sikre rekruttering til kompetansearbeidsplassar i distrikta skal vurderast
- føre ein offensiv politikk for å utvikle kvalitetar og framtidsutsikter for byane
- følgje opp satsingsområda i Groruddalen og i Oslo Sør, og i andre byområde i Noreg med tilsvarande utfordringar

KAPITTEL 7: EIT ARBEIDSLIV MED Plass TIL ALLE

Arbeid til alle er eit hovudmål for politikken vår. For den einskilde er arbeid ei kjelde til inntekt, økonomisk tryggleik, sjølvrespekt og sjølvrealisering. Samtidig vil deltaking i arbeidslivet medverke til å sikre velferdsstaten på kort og lang sikt, redusere sosiale skilnader og hindre fattigdom. For innvandrarak som kjem til Noreg, er arbeidslivet den viktigaste arenaen for integrering.

Økonomisk politikk, næringspolitikk, distriktspolitikk og arbeids- og velferdspolitikk må verke saman. Alle skal kunne leve av arbeidet sitt og ha ei anstendig lønn. Det skal lønne seg å jobbe. Samtidig må dei som treng offentleg stønad, ha ein rimeleg levestandard.

Eit arbeidsliv for alle føreset eit godt arbeidsmiljø utan sosial dumping. Arbeidsmiljøet må medverke til god helse og arbeidsevne gjennom heile yrkeslivet, noko som også gjer at fleire kan stå lenger i arbeid.

Arbeidsmarknad

Verknadene av finanskrisa i Noreg vil framleis krevje ein aktiv arbeidsmarknadspolitikk. Særleg er det viktig å unngå at høgare arbeidsløyse forplantar seg til langtidsarbeidsløyse og utstøytning. Grupper som ungdom, innvandrarak og personar med nedsett arbeidsevne krev særskild merksemd. Gjennom ein aktiv arbeidslivs-, utdannings-, pensjons-, velferds- og integreringspolitikk vil regjeringa sikre god tilgang på arbeidskraft.

Det er vesentleg å sikre auka yrkesdeltaking frå grupper som i dag ikkje deltek i arbeidslivet. Dette gjeld ikkje minst eldre og uføre. Regjeringa vil arbeide vidare med å stimulere til auka sysselsetjing blant desse gruppene.

Regjeringa vil:

- ha eit høgt nivå på tiltaksplassar, tilpassa situasjonen på arbeidsmarknaden
- ha høg tiltaksinnsats for ledige med samansette behov
- auke satsinga på tilrettelagt arbeid i ordinært arbeidsliv og skjerma sektor
- bruke lønnstilskot som alternativ til trygd for utsette grupper
- arbeide for å avgrense talet på nye uføre, og få fleire uføre tilbake i arbeid

- gjennomføre ein sysselsetjingsstrategi for personar med nedsett funksjonsevne
- vidareføre ungdomsgarantien for alle under 25 år
- halde fram med norsk praksis ved ILO-94 ved all kontraktsinngåing i offentleg sektor

Arbeidstakarrettar og eit godt arbeidsmiljø

Eit godt samarbeid mellom partane i arbeidslivet og offentlege styresmakter legg grunnlaget for eit velfungerande arbeidsliv. Regjeringa vil sikre og styrkje rettane til arbeidstakarane og føre ein ambisiøs politikk for eit godt arbeidsmiljø både i privat og offentleg sektor. Dette er også viktig for at seniorane skal ha arbeidslust og arbeidsevne til å stå lenger i arbeid og slik kunne medverke til å løyse dei store arbeidskraftbehova i framtida.

Det er viktig å kjempe mot utstøyting og gjere terskelen lågare for å kome seg inn i arbeidslivet. Regjeringa ønskjer å vidareføre og vidareutvikle avtala om eit inkluderande arbeidsliv.

Regjeringa vil:

- oppretthalde rettane til arbeidstakarane i sjukelønnsordninga og vidareutvikle avtala om inkluderande arbeidsliv for å førebyggje utstøyting og fremje inkludering i arbeidslivet
- arbeide for auka organisasjonsgrad og meir medraderett i arbeidslivet
- styrkje innsatsen mot ufrivillig deltid og for retten til heiltid, og vurdere nye lovendringar for å få til dette
- arbeid vidare for å sikre at fast tilsetjing er hovudregelen og avgrense mellombelse tilsetjingar
- skjerpe innsatsen for eit godt arbeidsmiljø, blant anna ved å halde fram styrkinga av Arbeidstilsynet
- arbeide vidare med å kartleggje årsakene til sjukemelding og uførleik
- gjennomgå reglane for yrkesskadeerstatning
- arbeide for at strukturendringar i næringslivet blir følgde mest mogeleg effektivt opp med naudsynte lovendringar for å sikre arbeidstakarane sine rettar og andre viktige omsyn

Sosial dumping

Eit seriøst arbeidsliv utan sosial dumping er avgjerande for den einskilde og for at seriøse verksemdar ikkje skal tape i konkurranse med useriøse, og er også ein føresetnad for styringa av norsk økonomi. Tiltaka mot sosial dumping i handlingsplanane til regjeringa skal følgjast opp og evaluerast.

Regjeringa vil:

- gjennomføre handlingsplanane mot sosial dumping og vurdere ytterlegare tiltak
- styrkje Arbeidstilsynet sitt høve til kontroll og vurdere ytterlegare sanksjonsmiddel
- sikre at allmenngjering av tariffavtaler kan skje der det er behov, og følgje opp og vurdere om innsynsretten er føremålstenleg utforma
- følgje opp lovreglane om solidaransvar i allmenngjeringslova, jf. Ot.prp. nr. 88 (2008–2009)
- ytterlegare styrkje felleskontrollar frå ulike offentlege styresmakter for å hindre sosial dumping, skatteunndragingar og andre straffbare tilhøve
- ta eit krafttak i bransjar som er særleg utsette for useriøsitet, sosial dumping og utstøytings- og arbeidsmiljøproblem gjennom treparts bransjeprogram
- byggje ut og gjennomføre strategien for anstendig arbeidsliv i andre land

KAPITTEL 8: SOSIAL RETTFERD

Rettferdig fordeling og utjamning er grunnleggjande verdiar for regjeringa. Ein sterk offentlig sektor har vore og er ein føresetnad for utjamning og likeverdige vilkår for alle. For å redusere ulikskapar i levkår vil regjeringa utjamne økonomiske og sosiale skilnader og nedkjempe fattigdom. Velferdssamfunnet byggjer på universelle tilbod. Det er viktig for at marginalisering og ekskludering ikkje skal gå i arv.

Målet om arbeid til alle og gratis eller rimelege velferdstenester, er saman med det sosiale sikringsnettet avgjerande for å lukkast. Makspris i barnehagar og gratis skulebøker i den vidaregåande skulen, er døme på regjeringa si vidareutvikling av viktige velferdstenester.

Regjeringa vil leggje til rette for at alle barn og unge får høve til å delta og utvikle seg i samfunnet uavhengig av den økonomiske og sosiale situasjonen til foreldra.

Regjeringa vil særleg leggje vekt på behovet til barnet når det gjeld tiltak mot fattigdom. God kommuneøkonomi, sosial bustadpolitikk, aktiv arbeidsmarknadspolitik, gratis eller rimelege fellesgode og ei inntektssikring som gjev høve til å leve eit verdig liv er viktig. Det er viktig for å unngå at økonomisk fattigdom skal ramme barn og ekskludere dei frå sosiale fellesskap.

Nedkjemping av fattigdom må ta utgangpunkt i reelle levekårsproblem, og høvet for den einskilde til å delta og utvikle seg i samfunnet.

Regjeringa vil framleis leggje vekt på eit breitt førebyggjande perspektiv, gjennom å medverke til å endre tilhøve som skaper og opprettheld fattigdom i oppvekstmiljø, utdanningssystem, innanfor arbeidsmarknad og arbeidsliv, og innanfor velferdsordningane. Vi skal ha ein særleg innsats retta mot dei som er avhengige av rusmiddel og deira pårørande.

Det må setjast inn verkemiddel tidleg, slik at vi hindrar utstøyting og sikrar inkludering i arbeidslivet. Arbeid og aktivitet skal lønne seg. Dei gode resultatane av at fleire tusen sosialhjelpsmottakarar dei siste åra er tilbode kvalifiseringstiltak, og gjennom dette har fått ein avklart livssituasjon, gjev grunnlag for auka innsats med fleire slike tilbod.

Regjeringa vil:

- auke innsatsen mot fattigdom
- forsterke ein målretta innsats for at flest mogeleg kan leve av arbeidsinntekt
- i samanheng med behandlinga av innstillinga frå Fordelingsutvalet leggje fram for Stortinget tiltak for betre fordeling og nedkjemping av fattigdom, spesielt leggje fram tiltak som kan redusere fattigdom blant barn
- sikre at kommunane har eit godt tilbod om økonomisk rådgjeving
- bruke kvalifiseringsprogrammet for å få fleire over frå passiv sosialhjelp til deltaking i arbeidslivet
- at alle brukarar av sosialtenestene må sikrast individuell plan

- at barn i familiar som lever på sosialstønad skal ha sjølvstendig rett til aktivitetsstønad
- sikre at fleire får tilgang til bustønad, gjennom oppfølging av St.prp. nr. 11 (2008–2009) Ei styrkt bustøtte
- vidareutvikle samarbeidet med – og auke stønaden til – brukarorganisasjonar og andre frivillige organisasjonar som gjer ein stor innsats for velferdssamfunnet

Folketrygd og pensjon

Regjeringa vil gjennomføre pensjonsreforma slik som vedteke i Stortingets breie pensjonsforlik i 2005 og 2007. Pensjonsreforma tryggjer framtidens pensjonar og medverkar til å sikre berekrafta i den norske velferdsstaten. Høvet til å kombinere arbeid og pensjon blir kraftig betra, og legg til rette for ei gradvis nedtrapping av yrkeslivet for dei som ønskjer det.

Den varsla opptrappinga av minsteytingar i folketrygda blir gjennomført, og garantipensjonen blir justert i tråd med tidlegare vedtak. Regjeringa vil ved tilpassinga av reglane for ytingane til utføre til pensjonsreforma sikre ei framleis god utføreordning i Noreg.

Det skal arbeidast vidare med tenestepensjonsordningane, blant anna oppfølging av offentlege tenestepensjonar etter lønnsoppgjeret 2009 og tilpassing av private *tenestepensjonsordningar*, medrekna også for sjølvstendig næringsdrivande, til pensjonsreforma og oppfølging av NOU 2009: 13 Brede pensjonsordningar. Det blir lagt opp til ei omfattande evaluering av pensjonsreforma i samarbeid med partane i arbeidslivet.

Arbeids- og velferdsforvaltninga

Føremålet med NAV-reforma er ei heilskapleg, effektiv og brukarorientert arbeids- og velferdsforvaltning. Arbeids- og velferdsetaten skal, i ein partnerskap med kommunane, arbeide for at brukarane skal få dei ytingane, tenestene og tiltaka som dei har behov for så raskt som mogeleg. Nav må ha ressursar, kompetanse, organisering og verkty til å realisere målet om fleire i arbeid, korrekt og rask ytingsforvaltning og sosialfagleg oppfølging. Målet er raskare saksbehandling, føremålstenleg avgjerdsnivå og tettare oppfølging av kvar enkelt brukar. Regjeringa vil styrkje brukarmedverknaden.

Regjeringa vil:

- vidareutvikle Nav-kontora ved bruk av brukarundersøkingar, universell utforming og reduksjon av køar

- vurdere ei ordning med velferdsombod som skal dekkje Nav, sosialtenesta og helsetenesta

Sosial bustadpolitikk

Regjeringa vil føre ein sosial bustadpolitikk slik at alle skal kunne disponere ein god bustad i eit godt bumiljø. Bustadpolitikken vil vere ein viktig del av regjeringa sin breie velferdspolitikk. Ein sosial bustadpolitikk skal førebyggje at menneske kjem i sosialt og økonomisk uføre. Bustadpolitikken skal styrkjast gjennom at det blir lagt til rette for høg nybygging blant anna gjennom aktiv bruk av Husbanken, satsing på billige utleigebustader til ungdom og vanskelegstilte og ei god bustønadsordning. Vi vil også sikre at tilskot til ikkje-kommersielle bustader blir brukt som vedteke.

Regjeringa vil leggje vekt på Husbanken som bustadpolitisk verkty. Han har med sine låne- og stønadsordningar vore det viktigaste bustadpolitiske verktyet i Noreg etter krigen. Regjeringa vil sørge for at lånerammene og bustadtilskota skal stå i høve til dei behova som skal dekkjast. Dei ordinære låneordningane i Husbanken skal sikre ei vedvarande tilførsle av nøkterne, rimelege bustader. Det offentlege må medverke til å oppnå ei stabil bustadbygging på eit høgt nok nivå.

Regjeringa vil:

- arbeide for å avskaffe bustadsløyse ved å skaffe fleire kommunalt disponerte utleigebustader, bustader med oppfølgingsteneste og ikkje-kommersielle utleigebustader
- at dei som kjem ut av rus- og psykiatri-institusjonar eller fengsel skal få tilbod om eit eigna varig bustadtilbod
- gje fleire leigarar i kommunale bustader høve til å kjøpe bustaden
- vurdere ein leigeprisindeks som gjer det mogeleg for leigetakarar og utleigarar å finne gjengs leigepris
- utvide ordninga med husleigetvistutval til å omfatte fleire byar
- vidareutvikle Startlån-ordninga slik at fleire unge får høve til å eige eigen bustad
- gjere naudsynte tilpassingar for å førebyggje problem med låginnskotsburettslag
- medverke gjennom bustadstilskotet til at fleire funksjonshemma og eldre kan bli buande lenger heime

KAPITTEL 9: HELSE OG OMSORG

Gode helsetilbod til alle

Regjeringa vil ha ei helseteneste som ligg i front både medisinsk og teknologisk. Regjeringa har som mål å redusere sosiale helseskilnader. Alle skal ha eit likeverdig tilbod av helsetenester uavhengig av diagnose, bustad, personleg økonomi, kjønn, etnisk bakgrunn og livssituasjonen for den einskilde. Når sjukdom rammar skal folk oppleve at dei får tilbod om behandling og pleie med kort ventetid og med størst mogeleg nærleik til brukaren.

Sjukdomsbiletet i befolkninga endrar seg som følgje av endra livsstil og høgare levealder. Vi vil gjennomføre ei samhandlingsreform i helsestellet, der dei økonomiske, juridiske og organisatoriske ordningane blir tilpassa slik at pasienten opplever eit helsetilbod som heng saman, og ressursane blir utnytta best mogeleg, jf. St. meld. nr. 47 (2008–2009). Den kommunale helse- og omsorgstenesta skal bli sett i stand til å drive godt førebyggjande arbeid og gje behandling i samarbeid med spesialisthelsetenestene.

Det førebyggjande helsearbeidet må prioriterast langt høgare enn i dag, ikkje minst for å medverke til reduserte helseskilnader mellom ulike grupper. Helsestasjonen, skulen og barnehagen er viktige arenaer for å fremje god folkehelse. Regjeringa vil leggje auka vekt på tverrfagleg samarbeid, og gjere helsetilboda meir tilgjengelege der folk bur.

For å lukkast med samhandlingsreforma, må kommunehelsetenesta gjerast attraktiv som arbeidsstad. Pasientane skal ha kvalitet i tenestene. Det må setjast av nok ressursar til habilitering og rehabilitering.

Regjeringa vil halde fram med å styrkje innsatsen for psykisk helse. Vi vil fullføre omstillinga av psykisk helsevern, styrkje arbeidet med å redusere og kvalitetssikre bruk av tvang, og dessutan vidareutvikle tryggje oppfølgings- og behandlingsmodellar. Vi vil prioritere tilbodet til barn og unge. Brukarmedverknad skal vere det berande prinsippet i organisering av det psykiske helsevernet, noko som inneber at individuell plan må bli meir utbreidd.

For å sikre eit godt helsetilbod til alle må vi ha ei sterk offentleg helseteneste der det offentlege i det vesentlege eig og driv sjukehusa, med private verksemder og avtalespesialistar som nyttige samarbeidspartnarar. Regjeringa vil at sjukehus som frivillige organisasjonar eig og driv skal sikrast gode vilkår gjennom avtaler med det offentlege.

Gjennom samhandlingsreforma vil kommunane få eit større ansvar for å yte helsetenester til befolkninga. Spesialisthelsetenesta skal utviklast i ein enda tydelegare spesialisert retning. Dette reiser problemstillingar knytte til arbeidsdelinga mellom kommunehelsetenesta og spesialisthelsetenesta, men også til arbeidsdelinga mellom sjukehus. Regjeringa vil vidareføre arbeidet med ei betre arbeidsdeling mellom sjukehus. Dette kan innebere at somme sjukehus skal gjere andre oppgåver enn i dag, blant anna sett i samanheng med samhandlingsreforma. I dette arbeidet blir det lagt til grunn at dagens desentraliserte sjukehusstilbod skal oppretthaldast. Det vil blant anna sikre nærleik til akutfunksjonar og fødetilbod, sjølv om slike tilbod ikkje blir gjevne ved alle sjukehus. Ingen lokalsjukehus skal leggjast ned.

Regjeringa vil arbeide for at EU ikkje innfører eit helsedirektiv som inneber eit svekt offentleg og desentralisert helsetilbod.

Regjeringa vil:

- styrkje økonomien til sjukehusa, slik at fleire pasientar blir behandla og ventetidene blir haldne låge
- gjennomføre samhandlingsreforma i tråd med St. meld. nr. 47 (2008–2009)
- at legetenestene i kommunane skal styrkjast
- at lokalmedisinske senter skal vidareutviklast for å sikre koordinerte helsetenester i samarbeid mellom kommune- og spesialisthelsetenesta
- styrkje fødselsomsorga og byggje ut differensierte fødetilbod
- at regionale helseføretak set i verk tiltak for å redusere ventetidene for behandling og diagnostikk. Ledig kapasitet i dei offentlege sjukehusa skal utnyttast. Avtaler mellom helseføretak og private kommersielle sjukehus skal ikkje ha eit omfang som undergrev pasientgrunlaget for dei små sjukehusa
- etablere sterkare nasjonal koordinering på e-helseområdet, tidsfristar for utviklingsmål og etablere ein nasjonal kjernejournal for alle innbyggjarar. Informasjonstryggleik skal prioriterast høgt slik at personvernet ikkje blir utfordra
- sikre god organisering og tilgang på data frå nasjonale helse- og kvalitetsregister, biobankar og dei store befolkningsundersøkingane for å styrkje forskning og kunnskapsutvikling i helsetenesta samtidig som personvernomsyn blir vareteke

- at Nasjonal helseplan skal vidareutviklast til å bli ein meir operativ reiskap for prioriteringar innanfor dei samla helse- og omsorgstenestene. Planen skal sikre god politisk styring gjennom å vere eit strategisk styringsdokument for helsetenesta. For å sikre ein reell prioriteringsdebatt skal fylkeskommunane involverast i ein høyringsrunde
- at føretaksmodellen innanfor spesialisthelsetenesta blir vidareført
- i samband med det vidare arbeidet med samhandlingsreforma og i lys av internasjonale og nasjonale røynsler gjennomgå finansieringa av spesialisthelsetenesta
- byggje ut lågterskeltilbod som skulehelsetenesta og helsestasjonane for å kunne behandle barn og ungdom på eit tidleg tidspunkt
- sikre at vaksne får eit lågterskeltilbod for å førebyggje alvorlege psykiske lidingar
- styrkje behandlingstilbodet til pasientar med eteforstyrringar, med særleg fokus på barn og unge
- sikre tilgjenge til tannhelsetenester og følgje opp stortingsmeldinga om framtidens tannhelsetenester, St meld. nr. 35 (2006–2007). Vi har som mål at det offentlege gradvis skal ta eit større ansvar på tannhelsefeltet, og greie ut ulike modellar med sikte på at det blir etablert eit tak på kor mykje den einskilde sjølv skal dekkje av utgifter til naudsynt tannbehandling. Vi vil innføre gratis tannhelsekontroll for eldre over 75 år

Tryggleik og valfridom i omsorga

Pleie- og omsorgstrengande må få hjelp frå det offentlege tilpassa dei utfordringane dei har. Omsorga må gjevast i ei form som gjev den einskilde tryggleik, som varetek dei pårørande og som er tilpassa dei lokale tilhøva. Den heimebaserte omsorga skal styrkjast slik at fleire eldre og funksjonshemma får høve til å bu heime.

Alle skal kunne ha ein god og aktiv alderdom. Dei som treng hjelp skal få den hjelpa dei treng, når dei treng ho. Eldre menneske vil utgjere ein veksande del av befolkninga i åra framover. Vårt mål er ei eldreomsorg som sikrar dei eldre eit verdig liv, alternative val, respekt og privatliv. Vi vil styrkje kvaliteten, styrkje kunnskapen og sikre nok kapasitet i omsorgstenesta.

Regjeringa vil:

- følgje opp eldreforliket i Stortinget om Omsorgsplan 2015, blant anna ved å
 - styrkje rettar for eldre gjennom endringar i kommunehelsetenestelova og fastsetjing av ny forskrift om ei verdig eldreomsorg
 - ha som mål å etablere 12 000 årsverk i pleie- og omsorgstenesta i perioden 2008–2015
 - sikre full sjukeheimsdekning innan 2015 ved at alle som treng sjukeheims plass eller omsorgsbustad skal få det. Vi vil gje tilskot til 12 000 sjukeheims plassar og heildøgns omsorgsplassar innan utgangen av 2015 for å sikre nok kapasitet, og utvide rammene ytterlegare dersom søknadsinngangen frå kommunane tilseier det
 - gjennomføre Kompetanseløftet 2015 slik at leiarutdanning og vidare- og etterutdanningstilboda blir utvida og at ufaglærte får tilbod om fagutdanning
 - innføre ei lovfesta plikt for kommunane til å tilby dagtilbod for demente
 - styrkje kulturtilbodet for dei eldre gjennom den kulturelle spaserstokken
- styrkje innsatsen til forskings- og utviklingsarbeid innanfor pleie- og omsorgstenesta
- innføre ein rett til inntil 10 dagar permisjon pr. år for å yte omsorg for nære pårørande
- gjennomgå ordninga for omsorgslønn

Innsats for rusavhengige

Rusmisbruk er eit alvorleg samfunnsproblem. Skadar av rusbruk og det å vere avhengig vedrører mange. Alt for mange med rusproblem opplever å ikkje kome inn til behandling når dei er motivert, at dei må vente for lenge på behandlingsplass etter avrusing og at ettervernet er for dårleg. Regjeringa vil bruke dei neste åra til systematisk å byggje opp kapasitet og kompetanse innan førebygging, haldningsarbeid, behandling, rehabilitering og ettervern. Tenestene skal ha god kvalitet, og vere prega av godt samarbeid mellom nivå og mellom offentlege og private instansar.

Regjeringa vil:

- evaluere og gjennomgå røykslengene frå Opptappingsplanen for rusfeltet som stoppar i 2010. Vi vil følgje opp semja i Stortinget om å styrkje innsatsen ytterlegare i åra framover
- at rusavhengige skal få innfridd pasientrettane sine og bli sikra rett til behandling på rett nivå og til rett tid ut frå ei individuell vurdering
- vurdere etablering av rusakutt i dei større byane
- overvake situasjonen med overdose- og rusrelaterte dødsfall og skaffe meir kunnskap om årsak til slike dødsfall med sikte på å betre overlevingsprognosen for rusavhengige
- at personar som både er rusavhengige og har psykiske problem får eit betre og meir samordna tilbod
- gje betre oppfølging til pårørande til rusavhengige, medrekna stønad til pårørandesenter
- ha fleire rusmeistringseiningar i fengsla, rusbehandling ved frigjeving og meir soning i institusjon (§12)

KAPITTEL 10: BARN, UTDANNING OG FORSKING

Barn og familie

Gode permisjonsordningar er viktig for å sikre barn og foreldre god kontakt i det fyrste leveåret til barnet. Samtidig gjev gode permisjonsordningar godt høve til å kombinere barn og arbeidsliv. Ei vidare utviding av foreldrepermisjonen bør vere øyremerkt far for å sikre eit likestilt foreldreskap.

Regjeringa vil:

- målrette og styrkje ei ordning med kontantstønad til eittåringar. Vesentlege endringar i kontantstønadsordninga vil bli varsla i god tid. Vi vil vurdere å auke eingongsstønaden
- ha som mål å utvide farskvoten frå ti til 14 veker, og den samla permisjonstida til 48 veker, jf. St.meld. 8 (2008–2009)

- greie ut korleis ordninga med den to veker lange omsorgspermisjonen for far ved fødsel eller omsorgsovertaking kan gjerast betre
- sikre fleire fedrar sjølvstendige oppteningsrettar til farskvote
- arbeide for å gjere det enklare å adoptere barn

Styrkt innsats for utsette barn og unge

Dei aller fleste barn som veks opp i Noreg har det bra. Derfor er det særleg viktig å stille opp for barn og familiar som har utfordringar. Det er avgjerande at barn og familiar får tidleg hjelp, for å førebyggje seinare problem. Det er særleg viktig å hindre at barn opplever sosial ekskludering som følgje av økonomien til foreldra.

Røysta til barnet skal høyrast i saker som gjeld dei. Tiltaka innanfor statleg og kommunalt barnevern skal vere kunnskapsbaserte. Dei tilsette må ha god kompetanse og arbeidstilhøve slik at dei kan gje barn og familiar god fagleg hjelp. Ulike instansar som hjelper utsette barn og unge må samarbeide godt.

Regjeringa vil:

- samarbeid med KS om ein plan for styrking av barnevernet i kommunane. Kompetansen skal betrast, og vi har som mål å auke talet på tilsette
- arbeide for at utsette barn og unge og familiare deira skal få betre samordna hjelp frå ulike delar av hjelpeapparatet
- gje stønad til ordningar med ferie og fritidstilbod for barn av foreldre med dårleg økonomi
- medverke til at barn med nedsett funksjonsevne kan delta i fritidsaktivitetar
- etablere fleire barnehus

Kvalitet og mangfald i fellesskulen

Regjeringa har som ein av dei viktigaste prioriteringane sine å satse på utdanning og kunnskap. Gjennom sosial læring, utdanning, danning og medverknad skal barn og unge tileigne seg kunnskapar og dugleikar, lære å få ansvar, vise omsorg, utvikle kritisk sans og sjølvtilitt.

Menneske har evne til – og behov for – å lære heile livet. Små barn tileignar seg nye kunnskapar og dugleikar i eit tempo som aldri seinare i livet. I vaksen alder har mange behov for kompetanse for å takle omstillingar i arbeidslivet, fullføre ufullstendig opplæring eller for sjølvutvikling. Regjeringa vil leggje til rette for eit utdanningssystem som både gjev tidleg innsats og livslang læring.

Kunnskap er avgjerande for å kunne møte framtidens utfordringar knytte til miljø og klima, helse og velferd og verdiskaping. Også vidareutviklinga av velferdssamfunnet, som samhandlingsreforma, barnehagereforma, kunnskapsløftet og evna vår til å gje ei aldrande befolkning ein verdig alderdom, er avhengig av arbeidskraft med god og oppdatert kompetanse. Forsking og utdanning er føresetnaden for verdiskaping i ein kunnskapsøkonomi der kunnskap og teknologi er den fremste konkurranseføremona vår.

Eit godt barnehagetilbod til alle barn

Målet til regjeringa er at alle barn er sikra eit barnehagetilbod med høg kvalitet og låg pris. Barnehagen skal vere ein stad for lek, læring og omsorg. Regjeringa vil leggje vekt på å utvikle kvaliteten i barnehagetilbodet, og vidareføre tradisjonen med barnehagar som legg til grunn eit heilskapleg syn på barn og læring. Barnehagane er pedagogiske tilbod, men skal ikkje utvikle seg til å bli lik skulen. Regjeringa vil sikre at kommunane oppfyller retten til barnehageplass. Målsetjinga på sikt er å innføre krav om minimum to opptak i året til barnehagar for å redusere ventetida.

Regjeringa vil:

- sikre framleis full barnehagedekning
- ha som mål å oppfylle dagens pedagognorm, og arbeide for at ein større del av dei tilsette har barnefagleg kompetanse
- styrkje innsatsen for kvalitets- og kompetanseutvikling i barnehagane
- utgreie eit pedagogisk tilbod til alle barn i førskulealder, og auke satsinga på gratis kjernetid i barnehagen i område med mange minoritetsspråklege barn
- vidareføre statleg stønad til bygging av barnehagar
- for å sikre økonomisk likebehandling trappe opp løyvingane til ikkje-kommunale barnehagar i ein periode på inntil fem år

- leggje til rette for likeverdige lønns- og arbeidsvilkår i kommunale og private barnehagar

Lære meir, trivst og meistre

Regjeringa vil arbeide for at alle skal oppleve læring, meistring og utfordringar i skulen. Gjennom tett oppfølging og høg kvalitet i opplæringa skal alle vere godt rusta når dei går ut av grunnskulen, slik at dei kan fullføre ei vidaregåande opplæring. Det skal leggjast vekt på tidleg innsats, både ved at det blir satsa ekstra på dei lågaste klassetrinna, og ved at det blir teke raskt tak i problem som oppstår gjennom skulegangen. Varierte arbeidsmåtar, og ei heilskapleg tilnærming til elevar og læring skal gje trivsel, motivasjon og meistring for alle. Regjeringa vil styrkje den sosiale og kulturelle kompetansen blant elevane.

Hovudprioriteten til regjeringa for å få ein god skule er å få fleire og godt kvalifiserte lærarar inn i skulen. Regjeringa vil satse på rekruttering av lærarar og halde fram med å byggje opp kompetansen til lærarane gjennom ei omlegging av lærarutdanninga, og ei framleis satsing på etter- og vidareutdanning.

Elevane treng tid til å arbeide med faga, til å røre på seg og ha sunne måltid. Målet til regjeringa er ein heilskapleg skuledag med tid til læring, fysisk aktivitet kvar dag, og tid til lekser. Alle må få høve til å delta i SFO, men SFO skal vere eit frivillig tilbod. Det skal gjevast tilbod om gratis leksehjelp i SFO.

Regjeringa vil vidareføre satsinga på språk og realfag. God IKT-bruk i skulen må sikrast gjennom kompetanseutvikling og ei systematisk satsing på IKT.

Tryggleik er ein føresetnad for barn og unge si læring. Regjeringa vil fornye og trappe opp arbeidet mot mobbing. Samarbeidet mellom heim og skule skal styrkjast.

Fråfallet skal nedkjempast

Regjeringa vil leggje til rette for at alle kan fullføre ei vidaregåande opplæring som gjev godkjenning i arbeidslivet eller for vidare studium. Elevane skal bli betre rusta frå grunnskulen av, få betre støtte til å ta rette val av vidaregåande opplæring og det skal gjerast endringar i vidaregåande som kan medverke til å motivere elevane til å fullføre. Integreringa mellom teori og yrkespraksis må bli betre.

Det må etablerast nok lærlingeplassar, slik at kvaliteten i yrkesopplæringa blir sikra. Regjeringa vil i samråd med organisasjonane i arbeidslivet ta initiativ til ordningar som både stimulerer bedriftene til å rekruttere lærlingar, og som sikrar rettar og føreseielege tilhøve for lærlingane.

Regjeringa vil:

- leggje til rette for fleire lærarar gjennom styrkt kommuneøkonomi og ved å endre opplæringslova for å sikre ei maksimumsgrense for talet på elevar per lærar på kvar skule
- halde fram med satsinga på etter- og vidareutdanning i skulen
- leggje til rette for at meir av tida til lærarane kan frigjerast til undervisning
- vidareføre privatskuleforliket
- styrkje timetalet på barnetrinnet
- styrkje kvaliteten i det spesialpedagogiske støtteapparatet
- sikre at alle skular arbeider systematisk mot mobbing
- intensivere arbeidet med å redusere fråfallet i vidaregåande skule i tråd med St. meld. nr. 44 (2008–2009) Utdanningslinja
- greie ut korleis ein kan lovfeste rett til læreplass, supplert med eit forsterka alternativt løp i skule. Vi vil forsterke samarbeidet med partane i arbeidslivet for å få nok læreplassar og stille krav til offentlege verksemder om å ta inn lærlingar
- vidareføre arbeidet med å prøve ut nye evaluerings- og eksamensformer
- halde på karakterane på ungdomstrinnet, men samtidig betre vurderingssystemet og kompetansen til lærarane til å vurdere
- ta sikte på å innføre eit praktisk valfag i ungdomsskulen, dersom forsøka med eit slikt fag er vellukka
- vidareutvikle praksisvegen til fagbrev og gjere den tilgjengeleg for fleire elevar
- styrkje rådgjevingstenesta
- gje elevane tilgang på læremiddel på begge målformer, til same tid og pris
- betre seksualundervisninga og prevensjonsrettleiinga, og styrkje arbeidet mot kjønnsbasert mobbing og seksualisert trakassering

- innføre ein gratis time SFO kvar dag for å leggje til rette for leksehjelp, fysisk aktivitet og mogeleg samarbeid med kulturskulen. Regjeringa vil greie ut nasjonale kvalitetsstandardar og vurdere tiltak for å avgrense foreldrebetalinga
- gjennomføre rentekompensasjonsordninga innanfor ei investeringsramme på 15 milliardar kroner til oppussing og bygging av skular og symjeanlegg frå 2009–2016

Livslang læring

Etter- og vidareutdanning er eit av dei viktigaste verktya vi har for å kvalifisere folk til eit yrkesliv som stadig blir endra, både i struktur og arbeidsmåtar. Mange vaksne slit også med mangelfulle grunnleggjande dugleikar slik at dei har problem med å meistre kvardagen og delta i samfunnslivet. Regjeringa vil auke satsinga på kompetanseutviklande tiltak.

Regjeringa vil:

- styrkje informasjonsarbeidet, slik at fleire blir kjende med alternativa sine innan etter- og vidareutdanning
- auke den offentlege stønaden til vaksenopplæring
- styrkje rolla til fagskulane som tilbydar av yrkesretta vidareutdanning for fagarbeidarar. Fagskulane skal sikrast finansiering som gjev føreseielege rammer
- utvikle forsøk med vidaregåande opplæring for vaksne arbeidslause innan regelverket for arbeidsmarknadsopplæringa
- styrkje ordningar for etterutdanning i arbeidslivet

Lik rett til høgare utdanning

Større ungdomskull og fleire studentar gjev gode høve til å fyllje behovet samfunnet har for kompetanse i åra som kjem. Universitet og høgskular er sentrale i utviklinga av kunnskapssamfunnet, og dei må vere langsiktige og fagleg sjølvstendige forvaltarar av kunnskap. Regjeringa vil sikre frie og uavhengige universitet og høgskular i heile landet som kan gje studentane forskingsbaserte undervisning av høg kvalitet, som er relevant og tilpassa eit moderne kunnskapssamfunn. Regjeringa vil i større grad leggje til rette for samarbeid og arbeidsdeling i universitets- og høgskulesektoren for å styrkje utdanningstilbodet i heile landet. Alle skal ha lik rett til utdanning, og det skal vere mogeleg å studere på heiltid.

Regjeringa vil:

- styrkje basisløyvingane til universitet og høgskular for å auke utdanningstilbodet, medrekna etter- og vidareutdanning og desentralisert utdanning, og auke talet på studieplassar
- styrkje utdanningsstønadene for studentar med funksjonsnedsetjingar og studentar med barn
- ha mål om å byggje 1000 studentbustader i året

Forsking

Regjeringa vil realisere måla i St.meld. nr. 30 (2008–2009) Klima for forskning. Forskinga skal medverke til at vi kan møte dei globale utfordringane, til betre helse og helsetenester og til grøn verdiskaping i heile landet. Målsetjinga om at den samla forskingsinnsatsen skal utgjere 3 prosent av BNP, ligg fast.

Regjeringa vil:

- halde fram med å auke forskingsløyvingane i åra framover, i tråd med Forskingmeldinga
- gjennomføre opptrappingsplanen for klimaforsking, jf. klimaforliket
- styrkje grunnforskinga
- betre forskarrekutteringa
- sikre planar for investeringar i vitenskapleg utstyr gjennom eit nasjonalt vegkart for forskingsinfrastruktur
- gjennomføre tiltak for å auke prosentdelen kvinner i høgare vitenskaplege stillingar
- lage ein plan for å redusere talet på mellombelse tilsetjingar i akademien

KAPITTEL 11: FORNYING OG UTVIKLING AV OFFENTLEG SEKTOR

Den norske samfunnsmodellen skil oss frå dei fleste andre land ved at vi har ein omfattande offentleg sektor som sikrar velferd, omsorg, helse og utdanning, eit velorganisert arbeids- og næringsliv, eit omfattande offentleg eigarskap og høg yrkesdeltaking. Regjeringa vil forsterke, forbetre og fornye denne samfunnsmodellen. Vi vil satse på fellesskapsløysingar og ein sterk offentleg sektor også i framtida.

Offentleg sektor skal gje alle innbyggjarar gode tenester, valfridom og medavgjerd. Den skal både medverke til effektiv utnytting av ressursane i samfunnet og vareta omsynet til jamn fordeling mellom ulike grupper og mellom ulike livsfasar for den einskilde. Våre mål i fornyinga av offentleg sektor er å oppnå meir velferd og mindre administrasjon, meir lokal fridom og mindre detaljstyring.

Fornying av offentleg sektor skal skje gjennom forbetra bruk av teknologi, utnytting av beste praksis, ei mest mogeleg føremålstenleg organisering, utvikling av dei tilsette sin kompetanse og betre bruk av talenta, ideane og evna deira til å finne gode løysingar. Behovet til brukarane skal stå i sentrum i utviklinga av offentleg sektor. Innverknad og medavgjerd for offentlege tilsette og organisasjonane deira er eit avgjerande verkemiddel i dette arbeidet.

Regjeringa vil ikkje privatisere eller kommersialisere grunnleggjande velferdstenester. Vi vil vidareutvikle samhandlinga mellom offentleg sektor og frivillige aktørar og ideelle organisasjonar, som er viktige bidragsytarar til velferdsproduksjonen. Desse har høg kompetanse og stort engasjement, og kan presentere nye løysingar på velferdsutfordringane. Ideelle og frivillige organisasjonar som medverkar til velferdsproduksjonen som leverandørar til det offentlege, skal få føreseielege avtalevilkår og arbeidstilhøve, samtidig som vi skal stille klare krav til kvalitet, kostnader og arbeidsvilkår.

Regjeringa skal føre ein aktiv arbeidsgjevarpolitikk der leiarar og tilsette spelar på lag. Vi vil vidareføre lov og avtaleverk for medavgjerd og medverknad. Dette medverkar til effektiv utvikling, oppgåveløysing og resultat.

Regjeringa vil utnytte og forbetre dei samordningsmekanismane som finst innanfor statsforvaltninga og stimulere til å bruke nye metodar for samhandling internt i verksemdene og mellom ulike delar av forvaltninga. Det er naudsynt med auka profesjonalisering av offentlege innkjøp. Regjeringa vil satse på elektroniske løysingar, både innkjøpsverky og nettverk for innkjøparar. Effektive elektroniske løysingar, som elektronisk faktura, kan frigjere store ressursar.

Regjeringa vil:

- fornye og forbetre offentleg sektor i nært samarbeid med brukarane og dei tilsette og organisasjonane deira
- vidareføre arbeidet med klart språk i offentleg sektor
- at offentleg sektor opptrer som ein ansvarleg forbrukar som kjøper miljøvennlege varer og tenester
- leggje til rette for at kommunar og offentlege institusjonar i større grad kan samordne innkjøpa sine
- gjere ein gjennomgang av røynsler med fornyings- og effektiviseringsprosessar i offentleg sektor og korleis medverknad frå brukarane og deltaking frå dei tilsette kan medverke i slike prosessar
- leggje til rette for forsøk i statleg og kommunal sektor, der ein blant anna vil vurdere reduksjon i arbeidstid og ulike turnusordningar, som kan medverke til redusert sjukefråvær og at fleire kan stå lenger i arbeid

Ein framtidsretta IKT-politikk og digital fornying

IKT er ein viktig reiskap i arbeidet med å fornye og effektivisere offentleg sektor. Vi skal satse vidare på felles standardar for utveksling av data, felles infrastruktur som gjev heilskapleg kontaktflate for brukarar og tilrettelegging for gjenbruk av offentlege informasjonsressursar.

Regjeringa vil:

- at offentleg informasjon som hovudregel bør vere gratis tilgjengeleg for alle i digital form
- vidareføre og styrkje arbeidet med elektronisk ID og elektronisk signatur
- forsvare prinsippet om nettnøytralitet på internett
- tilby fleire digitale sjølvbeteningstenester til innbyggjarar og næringsliv
- at offentlege IT-løysingar i større grad skal basere seg på opne standardar

KAPITTEL 12: NOREG SOM MILJØNASJON

Noreg skal vere føregangslan i miljøpolitikken. For at generasjonane i framtida skal ha tilgang til eit godt miljø, stabilt klima og rikt naturmangfald, må omsynet til miljø vere gjennomgripande i alt vi gjer. Noreg skal byggje miljøpolitikken sin på prinsippet om berekraftig utvikling og ei forsvarleg forvaltning av naturressursane, på prinsippa om føre var, samla belastning, at forureinar skal betale og om bruk av best tilgjengeleg teknologi. Naturen skal takast vare på fordi vi som menneske er avhengig av han, men også fordi han har verdi i seg sjølv.

Klima

For å unngå at temperaturen på jorda aukar med over 2 gradar C samanlikna med føreindustriell tid, må dei globale utsleppa reduserast med 50 til 85 prosent innan 2050. I 2020 må industrilanda redusere utsleppa med 25–40 prosent, mens utsleppsveksten i utviklingslanda må redusert. Dei globale utsleppa må reduserast seinast frå 2015. Regjeringa har som langsiktig mål at kvart menneske på jorda skal få tildelt same rett til å sleppe ut klimagassar.

Skal vi løyse klimautfordringa krev det internasjonalt samarbeid. Noreg skal derfor arbeide for ein meir omfattande og ambisiøs internasjonal klimaavtale som skal etterfølgje Kyoto-avtala. Regjeringa meiner derfor at avtala må sikre at dei globale utsleppa blir så kraftig reduserte at temperaturauken på jorda ikkje overstig 2 gradar C.

Regjeringa vil arbeide for ein klimaavtale som forpliktar dei rike landa til å betale både for egne utsleppsreduksjonar og medverke til å finansiere utsleppsreduksjonar i fattige land. Dette understrekar kor viktig det er at ei framtidig klimaavtale blir basert på fleksible mekanismar som legg til rette for at rike land kan finansiere utsleppsreduksjonar i fattige land. Det er avgjerande at vi får gjennomført store kutt raskt, samtidig som vi må utvikle ny teknologi som kan gje utsleppsreduksjonar på lengre sikt. Noreg sitt arbeid mot avskoging i utviklingsland kan medverke til store og raske utsleppsreduksjonar. Samtidig vil regjeringa vidareføre og styrkje arbeidet med teknologi for CO₂-fangst og -lagring slik at han kan bli kommersielt levedyktig og i neste omgang takast i bruk i kol- og gasskraftverk, og store punktutslepp rundt om i verda.

Regjeringa vil:

- overoppfylle Kyoto-avtala med 10 prosent

- skjerpe klimamåla til Noreg slik at dei tilsvarar kutt i utsleppa på 40 prosent innan 2020 samanlikna med 1990-nivå, dersom det kan medverke til semje om ei ambisiøs klimaavtale der dei store utsleppslanda tek på seg konkrete utsleppsforpliktingar
- at Noreg, som del av ei global og ambisiøs klimaavtale der også andre industriland tek på seg store forpliktingar, tek på seg ei utsleppsforplikting tilsvarande reduksjonar på 100 prosent innan 2030, slik at vi da er karbonnøytrale
- vidareføre klima- og skoginitiativet, og trappe opp innsatsen til om lag 3 milliardar kroner årleg
- leggje fram for Stortinget ei vurdering av klimapolitikken og behov for endra verkemiddel, medrekna dei sektorvise klimahandlingsplanane. Ein ny internasjonal klimaavtale gjer det naudsynt med ein revisjon av nasjonale mål og verkemiddel og ei ny vurdering av korleis Noreg sin samla innsats bør innrettast for å medverke best mogeleg til å redusere dei globale utsleppa av klimagassar
- gjere Statens forureiningstilsyn om til Klima- og forureiningsdirektorat
- bruke plan- og bygningslova aktivt for å redusere utsleppa av klimagassar frå transport og byggsektoren
- at forureiningslova framleis skal vere eit viktig verkemiddel i klima- og miljøarbeidet
- at det i samanheng med oppfølginga av berekraftstrategien, og i dei ordinære budsjettframlegga, skal leggjast fram ei rapportering/klimagassbudsjett som vurderer konsekvensane for klimagassutslepp og som rapporterer om utsleppsutviklinga og gjennomføringa av klimapolitikken
- lage ein konkret handlingsplan for alle sektorar for korleis det norske samfunnet må førebu seg på å leve med klimaendringar, i samband med behandlinga av innstillinga frå Tilpassingsutvalet

Naturmangfald og friluftsliv

Noreg har eit rikt og særeige naturmangfald som vi har eit internasjonalt ansvar for å ta vare på. Regjeringa vil sikre at truga artar og naturtypar får vern eller god nok sikring, slik at etterkomarane våre kan oppleve det same naturmangfaldet som vi kan.

Norsk vassdragsnatur er unik. Omsynet til komande generasjonars naturopplevingar tilseier ei restriktiv haldning til vidare vassdragsutbygging, og tida for dei store vasskraftutbyggingane er forbi. I lys av klimautfordringane vil likevel opprusting og utviding av eksisterande vasskraftverk, og dessutan varsam utbygging av vassdrag, vere eit verdifullt tillegg.

Nasjonalparkplanen og dei fylkesvise verneplanane skal slutførast i tråd med dei vedtekne planane, medan innsatsen for forvaltning og skjøtsel av verneområde blir styrkt.

Norsk vassforvaltning skal bli meir heilskapleg og økosystembasert. Noreg har eit særleg internasjonalt ansvar for å ta vare på den atlantiske vill-laksen, som i dag er truga av miljøpåverknader. Utviklinga i oppdrettsnæringa må ta omsyn til vill-laksen.

Friluftsliv er ei kjelde til livskvalitet, rekreasjon og betre folkehelse, og gjev høve for næringsutvikling. Allemannsretten er den viktigaste berebjelken for at alle skal utøve eit aktivt friluftsliv. Regjeringa vil arbeide aktivt for å ta vare på kulturlandskapet.

Regjeringa vil:

- bruke naturmangfaldslova aktivt for å redusere tal truga artar på gjeldande raudliste og sikre at dei mest truga naturtypar får status som utvalde naturtypar etter naturmangfaldlova
- auke skogvernet slik at naturmangfaldet blir vareteke. Vern skal så langt som mogeleg blir basert på frivillig vern
- gjennomføre den marine verneplanen
- styrkje skjøtsel og forvaltning av verneområde, og dessutan arbeidet med verdiskaping knytte til desse. Nasjonalpark- og naturinformasjonssenter må styrkjast og nye etablerast
- innføre ein naturindeks for Noreg som skal kunne presentere naturtilstanden i norske kommunar
- gjennomføre tiltak for å nå miljømålet om god økologisk tilstand i utvalde vassdrag og kystområde innan 2015
- at dei regionale vassforvaltningsplanane skal ha ei økosystembasert tilnærming og omfatte miljøpåverknader og tiltak i vassdraga og kystområda

- styrkje tiltaka for å verne vill-laksen og nedkjempe biologisk forureining, blant anna gjennom kalking av vassdrag og nedkjemping av gyro
- at det skal løyvast meir pengar til å kjøpe attraktive friareal og strandområde til bruk for ålmenta, og at omsynet til friluftsliv og kulturminne blir vareteke når Statskog, Forsvaret, Jernbaneverket og Kystverket skal avhende eigedomar med attraktive strandområde, og at dei viktigaste blir verande i offentleg eige
- fullføre gjennomgangen av lov om motorferdsel i utmark
- ta sikte på å leggje fram ein heilskapleg forvaltningsplan for Nordsjøen

Roviltforvaltning

Regjeringa vil at hovudtrekka i stortingsforliket om rovviltpolitikken frå 2004 skal vidareførast. Den todelte målsetjinga skal sikre overleving av rovviltbestandane, og næringsdrift basert på beitebruk i utmark. Regjeringa meiner at det framleis skal vere mogeleg med levedyktig næringsverksemd i landbruket i område med rovvilt. Dyr på utmarksbeite har mange positive kvalitetar, på same måte vil rovvilt i den norske naturen også ha positive kvalitetar. Utfordringa ligg i å vareta begge delar utan at konfliktane mellom dei blir større enn naudsynt.

Regjeringa vil:

- samarbeide med Sverige om bestandsregistrering og fordeling av grenseulv. Ulverevir i grenseområdet skal reknast inn i det norske måltalet. Utgangspunktet til regjeringa for forhandlingane med svenske styresmakter er at grenseulv skal reknast med ein faktor på 0,5. Måloppnåinga (talet ynglingar) skal sjåast over fleire år i samanheng. Regjeringa vil på denne bakgrunnen gjere ei ny vurdering av bestandsmålet for ulv
- fullføre ny bestandsregistrering, og utgreiinga av modell for utrekning av tal ynglingar av bjørn. Regjeringa vil på denne bakgrunnen gjere ei ny vurdering av bestandsmålet for bjørn
- invitere Stortinget til eit breitt forlik om bestandsmål for ulv og bjørn. Dette skal skje innan utgangen av 2010
- gje omstillingsmidlar i prioriterte rovdryrområde når dette blir sett som føremålstenleg

- at det skal vere låg terskel for å ta ut hannbjørnar som har gjort skade eller som representerer eit skadepotensial
- at det skal vere låg terskel for å felle ulv som har gjort skade eller som representerer eit skadepotensial utanfor ulvesona
- at rovviltforvaltninga skjer på ein slik måte at talet ynglingar blir haldne så nær bestandsmålet som mogeleg. Der bestandsmålet ikkje er nått skal oppbyggingstakta ta omsyn til naudsynt tid til tilpassingar for beitebrukarane og lokalsamfunna generelt
- styrkje overvaking og bestandsregistrering av rovdyr vesentleg. Det skal gjennomførast årleg DNA-registrering av bjørn og jerv over heile landet, og den lokale medverknaden i bestandsregistreringa skal aukast. Ein ny metodikk for bestandsregistrering vil gje oss eit betre overslag over tal årlege ynglingar av bjørn
- at all forvaltning av rovdyr skal byggje på vitenskapleg- og røynslebasert kunnskap. Nasjonalt overvåkingsprogram for store rovdyr skal ha overordna ansvar for bestandsregistreringa
- gjennomføre ei evaluering av gjeldande arealdifferensiering i rovviltregionane, blant anna med sikte på betre geografisk samordning av område som er prioritert til høvesvis rovvilt og beitebruk i grenseområda mellom forvaltningsregionane. Det skal ikkje vere rovdyr som representerer eit skadepotensial i prioriterte beiteområde for husdyr og kalvingsområde for rein
- effektivisere skadefelling av rovvilt. Det offentlege sitt praktiske og økonomiske ansvar for skadefelling skal forsterkast og klargjerast, med sikte på at prosentdelen vellukka skadefellingsforsøk skal auke
- sikre at det ved gjennomføring av skadefellingsforsøk i regi av kommunale fellingslag blir gjeve naudsynt hjelp og rettleiing frå Statens naturoppsyn (SNO). Deltakarar i kommunale fellingslag skal få økonomisk kompensasjon frå fyrste dag
- endre erstatningsordninga for husdyr med sikte på at faktisk rovdyrtap skal erstattast
- gjere ein gjennomgang og setje i verk naudsynte tiltak både innanfor rovviltforvaltninga og reindrifta med sikte på å sikre situasjonen for sørsamisk tamreindrift

- arbeide vidare med spørsmålet om ei generell innlemming av hund i naudverjeregelen. Det vil blant anna bli sett nærmare på svenske røymsler på området
- auke ressursane til førebyggjande tiltak

Forbruk og forureining

Regjeringa vil gjere det enklare for folk å vere miljøvennleg i kvardagen. Det må også lønne seg for den einskilde å velje miljøvennleg. Det offentlege må gå føre som ansvarleg forbrukar og spørje etter miljøvennlege varer og varer som er tilverka med høge etiske og sosiale standardar.

Miljøgiftene er eit alvorleg trugsmål mot naturmangfald, matforsyning og helse for komande generasjonar. Utslepp av miljøgifter må derfor stansast og kjemikal må ikkje skade helse og miljø. Miljøgiftene utgjer eit trugsmål mot livet i sjøen, og blir teke opp i fisk og skaldyr som folk et. På denne måten er forureina sjøbotn framleis til hinder for at kystområde i mange byar kan takast i bruk til fiske, friluftsliv og turisme.

Miljøgifter hamner også i avfallet. Vi må sørgje for at det farlege avfallet blir teke hand om på ein forsvarleg måte, og samtidig arbeide med å redusere mengdene farleg avfall som oppstår. Luftforureiningar har lokale helseeffektar særleg i byane, men blir også transporterte over store avstandar og medverkar til skadar på økosystem og helse.

Regjeringa vil:

- sørgje for betre produktmerking slik at det er mogeleg for forbrukarane å gjere miljøvennlege val
- utarbeide tiltak for å nå målet om å stanse bruk og utslepp av miljøgifter innan 2020
- frigi viktige kystareal ved å gjennomføre og vidareutvikle handlingsplanen for opprydding i forureina sjøbotn
- styrkje tilsynet og kontrollen med behandlingsanlegg for farleg avfall, og styrkje tilsynet for å avdekkje ulovleg import og eksport av farleg avfall
- stimulere til materialgjenvinning ved å sørgje for rammevilkår som gjer det lønnsamt å sortere ut eigna fraksjonar for materialgjenvinning
- kartleggje og sikre deponi av industrielt lågradioaktivt avfall

- medverke aktivt til revisjon av Gøteborg-protokollen og EU-direktivet om nasjonale utsleppstak for forureiningar til luft for å oppnå utsleppsnivå som ikkje er skadeleg for helse eller miljø
- auke innsatsen for nedkjemping av miljøkriminalitet
- styrkje kunnskapen om miljø- og klimavennleg forbruk

Kulturminne

Kulturminne gjev ein unik dokumentasjon av historia til landet og er ikkje fornybare ressursar. Regjeringa vil gjennomføre ein politikk der kulturminna blir tekne i bruk i utviklinga av samfunnet gjennom å gje kunnskap og opplevingar, og som grunnlag for verdiskaping. Nasjonalt viktige kulturminne skal setjast i stand og sikrast eit varig vern. Kulturminne er ein viktig del av ei samla miljø- og ressursforvaltning

Regjeringa vil:

- forbetre kulturminneforvaltninga i tråd med Riksrevisjonens forvaltningsrevisjon
- styrkje innsatsen for å setje i stand dei tekniske og industrielle kulturminna som viktig dokumentasjon av historia til arbeidarrørsla og kunnskap om arbeidsprosessar, teknologi og sosialhistorie
- auke kunnskapen om arkeologiske kulturminne som kjem fram i dagen på grunn nedsmelting av brear og fonner i høgjellet som ei følgje av klimaendringar
- trappe opp innsatsen i verdsarvområda for å sikre ei forvaltning i tråd med forpliktingane i verdsarvkonvensjonen og internasjonale evalueringar og for å utvikle lokal verdiskaping
- prioritere arbeidet med planlagde verdsarvnominasjonar
- vurdere tiltak for å hindre at freda og verneverdige bygningar forfell

KAPITTEL 13: ENERGIPOLITIKK

Visjonen til regjeringa er at Noreg skal vere ein miljøvennleg og verdsleiande energinasjon. Vi har stor vasskraftproduksjon. Vi har rikeleg tilgang på olje og

gass. Vi har mange bedrifter og arbeidsplassar knytte til produksjon og foredling av norske energiresursar. Grøne arbeidsplassar innanfor energiproduksjon og miljøteknologi skal bli ei ny vekstnæring i Noreg.

I Noreg er energipolitikken både velferdspolitik og klimapolitik. Produksjonen må skje effektivt for å sikre inntekter til landet. Vidare må politikken innrettast slik at inntektene kjem heile landet til gode og slik at verdiane kjem fellesskapet til gode. Dagens heimfallsordning for vasskraftressursar skal oppretthaldast. Regjeringa vil i tillegg bruke energipolitikken aktivt for å redusere utsleppa av klimagassar i Noreg og i andre land. Energipolitikken til regjeringa byggjer på at miljø- og klimamåla vil fastsetje produksjonsomfanget, og at det er naudsynt å føre ein aktiv politik for å redusere veksten i energiforbruket. Regjeringa vil leggje fram ei sak for Stortinget om fornybar energi.

Vi skal sameine rolla som petroleumsprodusent med ein ambisjon om å vere leiande i miljø- og klimapolitikken. Vi vil vere leiande for å medverke til utvikling og bruk av karbonfangst og -lagring internasjonalt. Olje og gasspolitikken skal baserast på ei kunnskapsbasert og langsiktig forvaltning av petroleumsressursane.

Meir fornybar energi

Regjeringa vil auke den fornybare energiproduksjonen monaleg. Regjeringa legg til grunn at fornybardirektivet er EØS-relevant og vil forhandle med EU om å innlemme direktivet i EØS-avtala.

Regjeringa skal sørge for ei berekraftig utnytting av vassressursane. Tryggleik og miljø skal stå sentralt ved tiltak i vassdrag.

Regjeringa vil:

- innføre den felles sertifikatmarknaden med Sverige frå 1.1.2012 basert på prinsippa i avtala av 7.9.2009. Regjeringa vil fremje forslag om ei overgangsordning fram til eit slikt system er på plass. Overgangsordninga skal sikre framleis utbygging av kraft etter 7.9.2009. Overgangsordninga skal basere seg på dei endelege vilkåra for den svensk/norske sertifikatmarknaden frå og med sertifikatmarknaden startar opp
- oppretthalde Enova som det viktigaste verktøyet vårt for å støtte fornybar energi og energieffektivisering. Ved oppretting av ein felles sertifikatmarknad skal innsatsen til Enova særleg rettast mot energieffektivisering, varme og utprøving av umogne teknologiar. Regjeringa vil i den samanhengen utarbeide nye resultatmål for Enova

- styrkje og forbetre konsesjonsbehandlinga utan å redusere miljøkrava
- gjennomgå regelverket knytt til revisjon av vassdragskonsesjonar
- følgje opp havenergistrategien
- auke FOU innan fornybare energikjelder og karbonfangst og -lagring til totalt 600 millionar kronar innan 2010 i tråd med klimaforliket
- leggje til rette for at Statkraft blir vidareutvikla som ein motor innanfor fornybar energi
- medverke til utvikling og kommersialisering av hydrogen som energiberar
- halde fram med å styrkje satsinga på fornybar energi og leggje fram ein opptrappingsplan for dette. Hovudverkemidla for å støtte utbygging av fornybar energi er Enova, ein felles marknad for grønne sertifikat med Sverige og kvotemarknaden i EU. Regjeringa vil arbeide for at kvotemarknaden i EU skal gjerast strammare, og gjennom det ytterlegare betre lønnsenda ved utbygging av fornybar energi. Regjeringa vil også byggje opp Grunnfondet for fornybar energi og energieffektivisering til 30 milliardar kronar innan 2012

Satsing på nett, sikker energiforsyning og skredførebygging

Auka utbygging av fornybar energi føreset meir nett. Klimaendringar kan auke omfanget av flaum og skred, og også føre til at straumnettet blir utsett for stadig større påkjenningar. Det er eit mål å unngå regionale ubalansar i kraftforsyninga.

Regjeringa vil:

- leggje til rette for auka utbygging av nettkapasitet mellom landsdelane og til utlandet
- at utbygginga av tovegskommunikasjon mellom nettselskap og forbrukar skal motivere til energisparing
- støtte det pågåande samarbeidet i den nordiske og europeiske kraftmarknaden
- styrkje rolla til Statnett som tilretteleggjar mellom store forbrukarar av kraft, nettbygging og produksjon

- satse vidare på skred- og flaumførebygging gjennom auka kunnskap, sikringstiltak, betre overvaking og varsling
- følgje opp strategien om korleis det skal takast sterkare omsyn til miljø, estetikk og lokalsamfunn når forsterkingar i kraftnettet blir planlagde
- at nettleiga for straum skal utjamnast over heile landet. Dette kan anten skje ved ei ordning med felles nettariff eller ved at dei statlege tilskota som i dag finst blir trappa opp. Regjeringa vil slutføre utgreiinga om ein felles nettariff, og dessutan vurdere tilhøvet mellom faste og variable avgifter
- at det skal vurderast om Statnett i særskilde tilfelle skal kunne påleggjast å betale anleggsbidrag

Klimavennleg energibruk

Energibruken i samfunnet må bli meir effektiv. Vi må i større grad ta i bruk miljøvennlege energiresursar til oppvarming. Det er eit mål for regjeringa at folk i framtida ikkje skal vere einsidig avhengig av straum til oppvarming.

Regjeringa vil:

- satse vidare på utbygging av fjernvarme og lokale energisentralar
- lage ein handlingsplan for energieffektivisering i bygg, med mål om å redusere samla energibruk vesentleg i byggsektoren innan 2020
- stimulere til bruk av trematerialar i bygningar i tråd med St meld. nr. 38 (2008–2009) Klimautfordringene – landbruket en del av løsningen
- ha eit godt støtteregime overfor industrien for å få meir energieffektiv og miljøvennleg produksjon
- gjennomføre ein hushaldsdugnad med informasjon om miljøvennlege energiløysingar i hushalda
- leggje til rette for at norsk restavfall til forbrenning i hovudsak blir brent i Noreg
- følgje opp bioenergistrategien og sikre målretta og koordinert verkemiddelbruk for auka utbygging av bioenergi. Innanfor gjeldande rammer vil Enova få eit eige resultatmål for bioenergi

Petroleumsforvaltning og CO2-handtering

Petroleumssektoren står for halvparten av eksportinntektene i Noreg, og næringa står framfor store utfordringar. Vi vil oppretthalde verdiskapinga, sysselsetjinga og kompetansen i petroleumsnæringa på eit høgt nivå.

Petroleumsverksemda må ta utgangspunkt i at olje og gass er ikkje-fornybare ressursar som må forvaltast i eit langsiktig perspektiv.

Vi vil oppretthalde leiteaktiviteten etter olje og gass, og at oljeindustrien må få tilgang til interessante leiteareal. Det er eit mål å auke utvinningsgraden i eksisterande felt. Petroleumsverksemd på norsk sokkel skal vere den fremste i verda når det gjeld oljevernebuing og miljøovervaking.

Regjeringa har som mål at Noreg skal vere verdsleiande i å utvikle teknologi for karbonfangst og lagring (CCS) slik at CO2-handtering kan realiserast nasjonalt og internasjonalt.

Regjeringa vil:

- vidareføre systemet med forvaltningsplanar. Dei heilskapelege rammene for petroleumsverksemda blir fastlagde i forvaltningsplanane for kvart einskilt havområde
- med sikte på å sikre staten sitt inntektsgrunnlag, sysselsetjing og ei berekraftig utvikling, og for å medverke til energitryggleik i Europa, vil regjeringa gjennomgå petroleumspolitikken i ei eiga stortingsmelding
- leggje til rette for ein innovativ leverandørindustri. Det er eit mål at nye prosjekt skal gje regionale ringverknader ved at dei medverkar til næringsutvikling og arbeidsplassar lokalt/regionalt, blant anna gjennom lokalisering av driftsorganisasjonane. Særleg viktig er det å satse på kompetansesarbeidsplassar lokalt
- vidareføre ein føreseieleg tildelingspolitikk knytt til nummererte rundar og TFO for gjennom det å medverke til eit jamt aktivitetsnivå. Regjeringa vil slutføre arbeidet med å vurdere korleis TFO fungerer
- medverke til petroleumsforskinga bl.a. for å oppnå auka ressursutnytting og reinare produksjon, medverke til meir effektiv leiting på norsk sokkel og ei meir effektiv oljevernebuing
- medverke til ein god sameksistens mellom petroleumsverksemd og fiskeriinteresser
- halde fram arbeidet med å leggje til rette for auka bruk av gass i Noreg. Saman med Gassco, aktørane på norsk sokkel og industrielle aktørar

vurdere ilandføringsløsningar og industriell bruk av gass når dette er eit alternativ. Regjeringa vil hindre at bruk av gass til energiføremål utkonkurrerer meir miljøvennlege alternativ

- medverke til framleis internasjonalisering av oljeverksemda og leverandørindustrien
- intensivere arbeidet med å vere eit føregangslan for internasjonal aksept for CCS som eit naudsynt klimapolitisk verkemiddel
- avvente bygging av fangstanlegget på Kårstø inntil ein har eit klarare bilete av driftssituasjonen. Gassco og Gassnova skal fram til februar 2010 gjennomføre ei utgreiing av integrasjon mellom gassprosesseringsanlegget og gasskraftverket med CO₂-fangstanlegg på Kårstø. Utgreiinga vil danne grunnlaget for vidare vurderingar av ei integrasjonsløsning på Kårstø
- at alle nye gasskraftkonsesjonar skal basere seg på reinsing og deponering av CO₂ ved oppstart
- halde fram arbeidet med å gjennomføre fullskalareinsing av kraftvarmeverket på Mongstad
- sikre framleis sterkt statleg eigarskap til petroleumsressursane gjennom Statens direkte økonomiske engasjement (SDØE). SDØE må også i framtida kunne ta partar på norsk sokkel, og SDØE sin samla eigarskap skal oppretthaldast på dagens nivå
- intensivere arbeidet med utsleppsfri kraft. Med bakgrunn i tilhøve som gjeld teknikk, økonomi og forsyning skal kraft frå land/utsleppsfri kraft vurderast ved nye utbyggingar og større utviklingsprosjekt
- ikkje opne for petroleumsaktivitet utanfor Lofoten og Vesterålen (Nordland VI og VII og Troms II) i denne stortingsperioden. Regjeringa vil ta stilling til om det skal gjennomførast ei konsekvensutgreiing for petroleumsverksemd i samband med revideringa av Forvaltningsplanen i 2010

KAPITTEL 14: KULTURPOLITIKK

Eit kulturlyft for heile landet

Gode kulturopplevingar gjev livskvalitet, inspirasjon, refleksjon og skaper samkjensle. Eit godt kulturtilbod skaper attraktive lokalsamfunn og verkar førebyggjande. Derfor har regjeringa som mål å gje alle tilgang til kunst- og kulturopplevingar gjennom heile livet, samtidig som at alle skal ha høve til å uttrykkje seg gjennom kunst og kultur uavhengig av geografi eller sosiale skiljeliner. Kunst og kulturlivet skal atterspegle mangfaldet i det norske samfunnet.

Regjeringa vil oppfylle Kulturlyftet, noko som inneber at 1 prosent av statsbudsjettet skal gå til kultur innan 2014. Auken skal kome alle kunstformer og sjangrar til del, og ein skal strekkje seg etter ei jamnare fylkesvis fordeling av kulturmidlane.

Dei tre regjeringspartia har i fellesskap utarbeidd Kulturlyftet II, som inneheld 17 punkt med målsetjingar for vår kulturpolitikk fram mot 2014. Desse målsetjingane strekkjer seg lengre enn denne regjeringsperioden, og ligg til grunn for kulturpolitikken til regjeringa framover.

Det skal gjennomførast eit kulturskolelyft slik at alle barn som ønskjer det får eit kulturskoletilbod av god kvalitet til ein rimeleg pris, jf. Kulturlyftet II. Utvikling av eit meir omfattande kulturskoletilbod i tilknytning til SFO/skule skal utgreiast.

Vi vil betre levekåra for kunstnarane, med hovudvekt på inntektsvilkår og velferdsordningar. Regjeringa vil sikre rettane til kunstnarane til eigne åndsverk.

Det skal satsast på næringsutvikling innan kulturfeltet og bli lagt til rette for at meir av norsk kultur kan eksporterast til utlandet. Det skal støttast opp om kulturarbeidet i nordområda.

Regjeringa vil støtte opp under lokal innsats på kulturområdet. Auka løyvingar til kulturbygg skal sørge for gode kulturarenaer i heile landet.

Regjeringa vil styrkje det frivillige kulturlivet.

Fleire språk og to norske skriftkulturar gjev eigne høve til kulturell vekst. Regjeringa vil sikre utviklinga av norsk språk, bokmål og nynorsk.

Regjeringa vil:

- at 1 prosent av statsbudsjettet skal gå til kultur innan 2014
- følgje opp Kulturlyftet II
- gjennomgå korleis opphavsretten, inntektene og rettane til kunstnarane kan sikrast i møte med digital spreining av kunst og kultur
- oppretthalde lisensfinansieringa av NRK, og slik leggje til rette for at NRK utviklar seg vidare som ein brei allmennkringkastar med godt nærvær over heile landet
- fremje tiltak som gjer det lettare å bruke nynorsk
- gjennomgå innretninga av pressestøtta for å sikre eit mediemangfald, små lokalaviser og kvalitet i media

Frivillig arbeid og idrett

Frivillige organisasjonar og idretten er limet i mange lokalsamfunn. Frivillig arbeid gjev folk høve til deltaking samtidig som det er viktig for å få løyst mange viktige samfunnsoppgåver, og medverkar blant anna til betre folkehelse og integrering.

Regjeringa vil trappe opp den årlege momskompensasjonen, og sikre føreseielege rammevilkår gjennom Norsk Tipping og grasrotdelen. Regjeringa vil ha ein god dialog med idretten om spørsmålet om moms knytt til idrettsanlegg. Det skal bli enklare for frivillige organisasjonar å skaffe egne inntekter. Regjeringa vil samarbeide med idrettsforeininga og andre frivillige organisasjonane om folkehelsearbeid og om inkludering av minoritetar og av barn som har foreldre med låg betalingsevne. Talet på frivilligsentralar skal aukast.

Regjeringa vil:

- trappe opp den årlege momskompensasjonen med 1 milliard innan 2014
- sikre gode stønadsordningar til frivillige barne- og ungdomsorganisasjonar
- støtte bygging av fleire fleirbruksanlegg, ballbingar og nærmiljøanlegg
- forenkla og avbyråkratisere samhandlinga mellom den offentlege og frivillig sektoren og vri stønaden over frå prosjektstønad til frie midlar

- utvide ordninga med frivilligsentralar

KAPITTEL 15: EIT INKLUDERANDE NOREG

Regjeringa vil nedkjempe all diskriminering. Alle skal ha høve til å utnytte evnene sine og leve gode liv uavhengig av kjønn, sosial bakgrunn, religion, seksuell orientering, funksjonsevne eller etnisk bakgrunn. Regjeringa vil vurdere framlegget om ei samordna lov mot diskriminering, jf. NOU 2009:14. Vi vil styrkje innsatsen mot hatkriminalitet.

Likestilling mellom kjønna

Regjeringa fører ein politikk som har som mål å gje kvinner og menn same reelle sjansar. Likestillingsarbeidet må skje både i arbeidslivet og i heimen. Regjeringa vil leggje til rette for at kvinner som ønskjer det skal kunne delta i større grad i næringsliv, arbeidsliv og politikk. Samtidig vil vi arbeide for at menn i større grad kan bruke tid heime og med barna sine, slik dei fleste ønske.

Regjeringa viser til at den norske lønnsfastsetjingsmodellen er ein viktig pilar for velferdssamfunnet. Ei koordinert lønnsdanning, der tariffområda i konkurranseutsett sektor forhandlar fyrst, skal medverke til at lønnsutviklinga blir halden innanfor rammer som sikrar ein rimeleg storleik på konkurranseutsett verksemd over tid. Det inntektspolitiske samarbeidet har over tid medverka til ein omstillingsdyktig økonomi, reduserte lønnskilnader, heving av inntektene til låglønnsgrupper og lågare arbeidsløyse enn i dei fleste andre OECD-land. Også framover vil dette vere sentrale mål for det inntektspolitiske samarbeidet.

I tillegg er likelønn og utjamning av lønnskilnader viktige mål for inntektspolitikken. For å oppnå resultat på dette området må partane i arbeidslivet kome til semje om kva yrkesgrupper som skal prioriterast, og det må vere semje om at nye relative lønnsforhold ikkje skal utløyse kompensasjonskrav frå andre grupper.

På dette grunnlaget er regjeringa budd til å gå inn i ein dialog med partane om likelønn. Regjeringa vil be partane avklare om det er grunnlag for eit særskilt likelønnslyft i offentleg sektor, og dessutan utarbeide eit forslag til kva grupper som skal omfattast av dette. Vidare må partane utforme naudsynete og tilstrekkelege mekanismar for å oppnå ei varig utjamning og for at ei slik utjamning kan skje innanfor ansvarlege rammer i dei einskilde lønnsoppgjer, slik at det norske systemet for lønnsdanning ikkje blir svekt. Regjeringa legg

vidare til grunn at partane gjev likelønsspørsmålet det naudsynte fokuset i dei komande tariff-forhandlingane også i privat sektor.

Avhengig av kor langt partane har kome i dette arbeidet er regjeringa innstilt på å gå inn i ein nærmare dialog om likelønsspørsmålet alt i samband med tariffoppgjøret 2010.

Regjeringa vil:

- gjennomføre ei utgreiing som skal sjå på norsk likestillingspolitikk med utgangspunkt i livsløp, etnisitet og klasse
- vidareføre og forsterke innsatsen mot tvangsekteskap og kjønnslemlesting
- utarbeide hjelpetiltak som gjev kvinner høvet til å kome seg ut av prostitusjon og vurdere betre støttetiltak for prostituerte og eks-prostituerte

Tilgjenge og medverknad

Regjeringa vil arbeide for å fremje deltaking og likestilling for personar med nedsett funksjonsevne. Fråvær av tilgjenge, også til varer og tenester, er diskriminering. Tiltak som medverkar til høgare yrkesdeltaking og utdanning for menneske med nedsett funksjonsevne skal prioriterast.

Regjeringa har ein visjon om at Noreg skal vere universelt utforma i 2025. Ved å leggje universell utforming til grunn for samfunnsutviklinga gjev dette betre og meir likestilte omgjevnader for personar med nedsett funksjonsevne. Vidare medfører det samfunnskvalitetar som er positive for alle innbyggjarar og for Noreg som samfunn. Vi vil fyrst prioritere tiltak innanfor samferdsel og undervisningsbygg.

Regjeringa vil:

- følgje opp regjeringa sin handlingsplanen for universell utforming og auka tilgjenge 2009–2013
- leggje fram tiltak for å betre tilgangen til utdanning og yrkesliv for menneske med nedsett funksjonsevne
- utvide tilbodet med brukarstyrt personleg assistent

- gjennomgå den vedtekne handlingsplanen for familiar med barn med funksjonshemming, og leggje til rette for avlasting og hjelp til familiar med barn med store funksjonshemmingar

Livssituasjonen for homofile

Regjeringa vil aktivt motarbeide diskriminering av homofile, lesbiske, bifile og transpersonar. Vi vil særleg satse på å betre livssituasjonen for homofile og lesbiske i ulike livsfasar og som er i miljø der det framleis er ein utfordring å stå fram med legninga si. Barn og unge må få vekse opp i fordomsfrie miljø der ingen kjenner seg truga, latterleggjort eller usynleggjort på grunnlag av den seksuelle orienteringa si.

Regjeringa vil:

- vidareføre arbeidet i handlingsplanen "Bedre livskvalitet for lesbiske, homofile, bifile og transpersoner 2009–2012"

Urfolk og nasjonale minoritetar

Samane er eit urfolk med folkerettsleg krav på kulturvern og utvikling. Regjeringa ønskjer å vitalisere samisk språk, kultur og nærings- og samfunnsliv, og vil støtte opp om utvegar for samane til å fungere som eitt folk på tvers av landegrensene.

Regjeringa ønskjer å medverke til gode rammevilkår både for tradisjonelle næringar og moderne arbeidsplassar knytte til kultur og teknologi i samiske busetjingsområde. Regjeringa vil styrkje arbeidet for dei samiske språka i Noreg, særleg gjennom å styrkje ansvaret til Sametinget og kommunane. Regjeringa vil ha eit opplæringssystem som varetek det særskilte behovet til samane. Sametinget må ha innverknad på saksområde som er viktige for samane.

Regjeringa vil leggje vilkåra til rette for at dei nasjonale minoritetane (jødar, kvenar, rom, romanifolket/taterar og skogfinnar) kan vareta og vidareutvikle eigen kultur, språk og identitet.

Regjeringa vil:

- følgje opp handlingsplanen for samiske språk og stortingsmeldinga om samepolitikken
- vurdere å opne opp for at skuleelevar i dei samiske områda skal kunne velje samisk i staden for sidemål, og arbeide for at det blir utdanna fleire samiske lærarar, førskulelærarar og helse- og sosialarbeidarar

- sikre landsdekkjande samiske aviser og styrkje samisk kulturliv ved å auke løyvingane til Sametinget
- satse på samisk forskning og forskning om samiske forhold
- arbeide vidare med Samerettsutvalet sør for Finnmark og Kystfiskeutvalet
- støtte tiltak som set fokus på språket, kulturen og kulturhistoria til dei nasjonale minoritetane
- følgje opp handlingsplanen for å betre levekåra for rom i Oslo

KAPITTEL 16: MEIR TRYGGLEIK – MINDRE KRIMINALITET

Kriminalitet skaper utryggleik. Å sørge for tryggleik i samfunnet er eit velferdsspørsmål, og eit stort offentleg ansvar. Brotsverk skal oppklarast raskt og lovbrutarar straffast og rehabiliterast. Offer for alvorleg kriminalitet og pårørande må bli tekne vare på. Regjeringa vil føre ein heilskapleg kriminalpolitikk for å førebyggje betre, oppklare meir og reagere og rehabilitere meir effektivt. Vi vil følgje opp førebyggingsstrategien: Felleskap – tryggleik – utjamning, vidareutvikle politiråda og etablere målekriterium for førebyggjande arbeid.

Regjeringa vil halde fram med styrkinga av budsjetta og mannskapssituasjonen i politiet. Ei framleis satsing på høge opptak ved politiutdanninga, fleire sivile tilsette i politi- og lensmannsetaten og ein aktiv seniorpolitikk skal sikre auka politibemanning.

Vi vil frigjere politiutdanna personell til å skape tryggleik for publikum lokalt. Vi vil sikre raskare responstid over heile landet ved styrkt vaksamarbeid, fleire patruljar og meir tilgjengeleg og operativ politiinnsats. Vi vil oppretthalde ein desentralisert politistruktur.

Den komande fireårsperioden vil vi gjennomføre eit arbeid for å få meir politikraft fram mot 2020 ut av dei tilgjengelege ressursane. Dette arbeidet vil byggje på ein driftsanalyse av politi- og lensmannsetaten, ein kriminalitetsstudie for ein faktabasert og kunnskapsstyrt kriminalpolitikk og framleis satsing på kompetanse, tilsyn og kontroll, utstyr, IKT, og metodar.

Regjeringa vil rette fokus mot betre innhald i soninga, slik at vi kan auke tryggleiken hos folk og gje fleire straffedømde ein ny sjanse i livet. Tiltak for

bustad, arbeid, utdanning, rusmeistring og nettverk kan redusere tilbakefall og gjengangarkriminalitet. Det skal gjennomførast ei evaluering av effektive tiltak for redusert tilbakefall.

Regjeringa vil ha ein kompetanse- og mannskapsgjennomgang i kriminalomsorga for å betre innhaldet i straffa. Regjeringa vil styrkje innsatsen for å løyse konflikhtar tidleg, ha auka bruk av rettsmekling og styrkje Konfliktråda.

Vi vil halde fram med, forsterke og forbetre innsatsen mot valden som rammar kvinner og barn. Vald i nære relasjonar er særst alvorleg kriminalitet, og eit stort og omfattande kriminalitetsproblem. Regjeringa vil følgje opp Valdtekstutvalet sin rapport *Fra ord til handling*, og vidareføre innsatsen mot menneskehandel. Regjeringa vil i det vidare arbeidet fokusere på kompetanse, vern, sivile spor, helse og behandling hos alle aktørane i arbeidet for å nedkjempe vald i nære relasjonar.

Regjeringa vil sikre ei betre koordinering av hjelpeapparatet slik at offer for alvorleg kriminalitet får den hjelpa dei treng. Kunnskap om vald og overgrep må bli ein del av pensum for relevante yrkesgrupper. Arbeidet med å verne barn skal ha høg prioritet, dette gjeld også når barn er vitne til vald og overgrep.

Regjeringa vil:

- arbeide for å få meir politikraft ut av dei tilgjengelege ressursane og auke politibemanninga
- sikre framleis høgt opptak av politistudentar, og halde fram arbeidet med å rekruttere fleire kvinner og søkjarar med minoritetsbakgrunn
- starte arbeid med nye lokale i Oslo for politihøgskulen, og etablere ny politiutdanning utanfor Oslo
- klargjere regelverket for å sikre at meldeplikta om bekymring knytt til vald og overgrep mot barn blir nytta
- evaluere verknadene av lovforbodet mot kjøp av seksuelle tenester med tanke på å utforme gode og målretta tiltak for å hjelpe prostituerte ut av prostitusjon
- oppretthalde ein desentralisert politistruktur, styrkje lensmannskontora, og ha fleire politipostar og mindre administrasjon ved ei ny organisering i politidistrikta for å få eit meir synleg og tilgjengeleg politi

- styrkje deltakinga i internasjonalt politisamarbeid og etablere ein innsatsstyrke mot internasjonalt organisert kriminalitet for styrkt samarbeid og samordning på tvers av politidistrikt og særorgan
- halde fram arbeidet med DNA-reforma
- gje betre oppfølging til offer for vald og alvorleg kriminalitet
- at politiet skal ta i bruk registreringsverktøy for vurdering av kven som er mest utsette for vald slik at naudsynte vernetiltak blir sett i verk
- styrkje innhaldet i soninga og styrkje tilbakeføringsarbeidet for å få ei heilskapleg oppfølging av straffedømde
- gjennomføre ei rettshjelpsreform i tråd med St.meld. nr. 26 (2008–2009) som gjev raskare og betre rettshjelp til fleire
- utvide ordninga med hurtigbehandling, slik at utlendingar som utfører kriminalitet blir gripne, dømde og sende ut av landet så raskt som mogeleg. Ved tilslutning til EU si soningsoverføringsavtale og fleire bilaterale avtaler skal fleire utanlandske kriminelle sone i heimlandet
- auke talet uttransporteringar på utlendingsfeltet og styrkje grensenære kontrollar for å nedkjempe kriminalitet
- oppretthalde ein desentralisert domstolsstruktur
- halde fram arbeidet for meir effektive, tilgjengelege og moderne domstolar, og sikre raskare saksbehandling med meir bruk av video- og fjernteknologi og framleis fornyingsarbeid
- oppretthalde styrkinga av jordskifterettane og gjennomføre tiltak for auka rekruttering

Samfunnstryggleik og vernebuing

Moderne samfunn er sårbare. Klimaendringane vil vere ei aukande utfordring for samfunnet i ein tryggleiks- og vernebuingssamanheng, særleg i nordområda. For å betre samfunnet sin samla vernebuing mot tilsikta og utilsikta hendingar er det av avgjerande vekt å styrkje vernebuinga og handteringsevna i tråd med St.meld. nr. 22 (2007–2008) Samvirke og samordning. Samvirkeprinsippet som den norske redningstenesta er tufta på gjev eit godt grunnlag for å skape meir tryggleik langs kysten og på fjellet. Vi vil vidareføre arbeidet med å avklare ansvarsforhold, gråsoner og framleis

satse på øvingar på alle nivå i offentleg forvaltning, og framleis styrkje dei frivillige i redningstenesta.

Regjeringa vil:

- vidareføre det vedtekne arbeidet med nytt naudnett for vernebuingsetatane
- satse på brannførebyggjande arbeid, og dessutan betre vernebuing og handteringsevne
- halde fram satsinga på redningstenesta og redningshelikopter

KAPITTEL 17: INNVANDRING OG INTEGRERING

Regjeringa vil føre ein heilskapleg innvandrings- og flyktningpolitikk forankra i dei internasjonale forpliktingane til Noreg. Regjeringa vil ha ei balansert og kontrollert innvandring og ein konsekvent asylpolitikk.

Arbeidsinnvandring

Regjeringa vil føre ein arbeidsinnvandringspolitikk som er brukarvennleg, oversiktleg og føreseieleg, med betre og meir heilskapleg informasjon og raskare saksbehandlingstid. Arbeidsinnvandringspolitikken skal leggje til rette for at bedrifter og verksemder kan rekruttere naudsynt kvalifisert arbeidskraft frå utlandet på ein enkel og effektiv måte. Dette skal medverke til å sikre god tilgang på arbeidskraft. Norske bedrifter og verksemder skal kunne tiltrekke seg personar med relevant kompetanse frå utlandet.

Regjeringa er positiv til den nye arbeidskraftinnvandringa som kjem som ei følgje av EU-utvidinga. Arbeidsinnvandrarar i Noreg skal ha same lønns- og arbeidsvilkår som norske arbeidstakarar, og skal informerast om pliktene og rettane sine. Regjeringa vil sørge for at au pair-ordninga medverkar til kulturutveksling, og ikkje medverkar til sosial dumping av arbeidskraft.

Flyktning- og asylpolitikk

Regjeringa vil føre ein konsekvent, rettferdig og rettsikker flyktning- og asylpolitikk. Vi byggjer flyktning- og asylpolitikken vår på internasjonale konvensjonar.

Internasjonalt samarbeid, ansvarsfordeling og hjelp til land i konflikt er derfor viktig. Regjeringa vil vere med og ta eit internasjonalt ansvar for å nedkjempe årsakene til at menneske må flykte, og medverke til å verne flyktingar frå ytterlegare vanære og naud. Den internasjonale innsatsen for å hjelpe flest mogeleg i nærleiken av heim deira må styrkjast. Det er ei føremon for alle dersom færre kjenner seg tvungne til å reise på grunn av konflikt, krig og fattigdom.

UNHCR sine tilrådingar skal vege tungt ved vurderingane hos norske styresmakter, men norske styresmakter gjer også ei sjølvstendig vurdering. Etablering av praksis i strid med tilrådingane til UNHCR om vern skal som hovudregel blir prøvd i stornemnd med mindre praksis følgjer av instruks frå AID til UDI

Regjeringa vil styrkje arbeidet med å avklare identiteten til utlendingar som kjem til eller oppheld seg i Noreg. Personar som ikkje fyller vilkåra for opphald skal sendast raskt ut av Noreg, og regjeringa vil styrkje returarbeidet. Asylsøklarar som har hatt opphald i andre land som er med i Dublin-samarbeidet, skal i all hovudsak returnerast dit når det følgjer av Dublin-regelverket. Som i alle saker vil det vere ein føresetnad at ein retur ikkje er i strid med vernet mot forfølging eller umenneskeleg behandling.

Regjeringa vil redusere talet på personar utan behov for vern som søker asyl i Noreg, og vil løpande vurdere behov for nye tiltak for å oppnå dette. Regjeringa vil arbeide for at Noreg aktivt støttar og deltek i internasjonalt arbeid som støttar ei betre ansvarsfordeling og sikrar likebehandling og felles minstestandardar i dei ulike landa.

Noreg vil ta sin del av ansvaret for flyktingar som treng vern. Samtidig er regjeringa oppteken av at Noreg ikkje skal ta imot ein urimeleg stor del av dei asylsøklarane som kjem til Europa.

Norsk praksis skal i hovudtrekk samsvare med praksis i andre samanliknbare land. Regjeringa vil også aktivt setje i verk tiltak for å redusere tal personar som oppheld seg illegalt i Noreg.

Regjeringa vil sjå nærmare på måtar å effektivisere den samla utlendingsforvaltninga. Regjeringa vil med bakgrunn i tilrådingane frå det offentlege utvalet som er nedsett, vurdere korleis klagesaksbehandlinga bør organiserast for best å vareta høvet for politisk styring, rettstryggleik, effektiv saksbehandling, og dessutan legitimitet. Regjeringa vil be utvalet om å forsere arbeidet med ei delutgreiing vedrørande utøving av instruksjonsstyresmakt.

Regjeringa vil:

- auke talet kvoteflyktningar når talet asylsøkjjarar går vesentleg ned. Målet til regjeringa er å auke talet kvoteflyktningar til minst 1500
- på bakgrunn av tilrådingane frå det offentleg nedsette utvalet vurdere mottakssystemet og tilbodet om innkvartering og tenester til asylsøkjjarar
- i større grad nytte høvet til å fridomsfrårøve utlendingar som er i ein utsendingsprosess der det ligg føre unndragingsfare eller uavklart identitet, og vil opne for at det også kan nyttast fridomstap ved rettsavgjerd i utsendingsprosessen overfor personar som utfører kriminelle handlingar og personar som utgjer eit trugsmål mot grunnleggjande nasjonale interesser
- vil vurdere dagens høve til å fremje omgjeringskrav
- utvide bruken av meldeplikt og pålegg om bestemt bustad blant anna overfor asylsøkjjarar som ikkje medverkar til opplysning av saka si, eller utfører kriminalitet
- opprette eit nasjonalt identitets- og dokumentasjonssenter (NID)
- gjennomføre opptak av biometriske kjenneteikn i visumsakene
- leggje til rette for auka deltaking og arbeidsretta aktivitet og plikt til aktivitet for asylsøkjjarane på asylmottak
- halde fram arbeidet for å verne og yte hjelp til offer for menneskehandel. Arbeide for større internasjonal innsats for internt fordrivne flyktningar
- styrkje saksbehandlingskapasiteten og redusere saksbehandlingstida i UDI
- betre samarbeidet med kommunane om etablering av asylmottak
- sikre raskare busetjing av flyktningar som har fått opphaldsløyve i kommune
- at fleire med avslag berre skal få tilbod om å bu i ventemottak fram til uttransportering kan gjennomførast. Regjeringa vil også vurdere returfremjande tiltak for barnefamiljar
- redusere talet personar utan behov for vern som søker asyl i Noreg, og løpande vurdere behov for nye tiltak for å oppnå dette

- intensivere arbeidet med å få på plass gode returavtaler, føre ein samla og einsarta returpolitikk og bruke bistands- og utviklingspolitikk til å støtte arbeidet med å få til retur og reintegrering av personar utan lovleg opphald i Noreg
- heve terskelen for opphaldsløyve på humanitært grunnlag
- innføre eit generelt krav om fire års arbeid og/eller utdanning som vilkår for familieetablering
- støtte arbeidet til FN sin høgkommissær for flyktingar for å sikre og fremje rettane til flyktingar

Einslege mindreårige asylsøkjjarar

Einslege mindreårige asylsøkjjarar som kjem aleine til landet er ei særskild sårbar gruppe. Regjeringa vil at barn i asylmottak og omsorgssenter skal få ei god barnefagleg oppfølging, og dessutan aktivitets- og opplæringstilbod. Barn som kjem aleine skal få rask behandling av søknaden sin for rask retur til opphavslandet eller busetjing i kommunane.

Regjeringa har som mål å gjennomføre overføring av omsorgsansvaret for einslege mindreårige asylsøkjjarar mellom 15 og 18 år til barnevernet, men meiner at ressurssituasjonen i barnevernet tilseier at dette ikkje blir mogeleg i komande fireårsperiode.

Regjeringa vil:

- etablere omsorgs- og utdanningstilbod for einslege mindreårige asylsøkjjarar i opphavslandet deira
- arbeide for at barn i mottak eller omsorgssenter får ei god barnefagleg oppfølging
- medverke til nok verjer til einslege mindreårige asylsøkjjarar
- arbeide for rask busetjing i kommunane av einslege mindreårige asylsøkjjarar

Inkludering

Gjennom innvandringa til Noreg har befolkninga blitt meir samansett. Dette er grunnleggjande positivt. Regjeringa ønskjer å medverke til at Noreg er eit inkluderande samfunn.

Velferdssamfunnet i Noreg byggjer på solidaritet, og på vilje til å yte og dele. Tillit til institusjonane i samfunnet og innbyggjarane imellom er ein naudsynt føresetnad for dette samfunnet. Alle pliktar å slutte opp om lovene i samfunnet og respektere demokratiske grunnverdiar. Ein sterk velferdsstat medverkar til god integrering. Barnehageplass til alle, ein god offentleg felleskule, trygge helse- og omsorgstilbod, ein sosial bustadpolitikk og ei mangfaldig kultursatsing er derfor viktig for å lukkast i integreringsarbeidet.

Auka internasjonal mobilitet stiller det norske samfunnet overfor nye utfordringar. Regjeringa vil hindre at det utviklar seg eit klassesdelt samfunn der personar med innvandrarbakgrunn har dårlegare levekår og lågare samfunnsdeltaking enn resten av folket. Arbeid gjev den einskilde økonomisk sjølvstende og er det viktigaste verkemiddelet for å motverke fattigdom, for å utjamne sosiale skilnader og for å oppnå likestilling mellom kvinner og menn. Særleg er det viktig at fleire kvinner med innvandrarbakgrunn får høve til deltaking i arbeidslivet.

Regjeringa vil vurdere tiltak for å hindre at så mange gutar med minoritetsbakgrunn fell ut av utdanningssystemet. Innvandrarakjem til Noreg med svært ulik bakgrunn og kompetanse, og ulike føresetnader og behov. Rask busetjing av flyktingar i kommunane er viktig, og god integrering i lokalsamfunnet er av avgjerande vekt. Regjeringa vil stimulere idrettsorganisasjonar og andre frivillige organisasjonar til aktivt arbeid for å inkludere personar med innvandrarbakgrunn.

Barn og unge med innvandrarbakgrunn må få eit godt grunnlag for å kunne delta i samfunnet og ta sjølvstendige val.

Regjeringa vil:

- arbeid for auka sysselsetjing og lågare arbeidsløyse blant innvandrarbefolkninga. Vi vil ha særleg fokus på einskilde grupper av kvinner med låg sysselsetjing
- sikre god gjennomføring og kvalitet i introduksjonsprogrammet og sikre god overgang til opplæring eller arbeid
- auke rett og plikt til norskopplæring frå 300 til 600 timar, samt innføre obligatorisk avsluttande prøve i norsk
- innføre krav for alle med plikt til norskopplæring om å ha bestått norskprøve eller statsborgarskapsprøve for å kunne få norsk statsborgarskap
- vurdere tiltak som kan føre til raskare busetjing av personar som har fått opphald i Noreg

- arbeid mot diskriminering og for ein inkluderande rekrutteringspolitikk, blant anna i samarbeid med partane til arbeidslivet, slik at kompetansen til innvandrare kjem til nytte i det norske samfunnet på alle nivå i arbeidslivet
- vurdere endringar i integreringspolitikken på bakgrunn av det statlege utvalet som ser på samanhengen mellom inn- og utvandring og utvikling av velferdsordningane våre
- vurdere endringar i språkopplæringa for minoritetar på bakgrunn av tilrådingar frå det offentlege utvalet som er oppnemnt
- gje fleire høve til morsmålsopplæring. I ei globalisert verd er tospråksbruk ein ressurs
- betre samordninga av arbeidet for å følgje opp norske barn i utlandet
- vurdere utviding av den statlege ordninga med at der det finst kvalifiserte søkjarar med minoritetsbakgrunn, skal minst ein innkallast til intervju, til også å omfatte kommunale og fylkeskommunale stillingar
- gjere det enklare å få godkjent utdanning og relevant arbeidsrøynsle frå utlandet
- setje ned eit offentleg utval som skal sjå på framtidsutsikter og utfordringar i eit fleirkulturelt Noreg og med bakgrunn i dette foreslå prinsipp og tiltak for inkluderings- og integreringsarbeidet

KAPITTEL 18: KYRKJE-, RELIGIONS- OG LIVSSYNSPOLITIKK

Trusfridom og religionsfridom er grunnleggjande verdiar som samfunn og lovverk må styrkje og verne. Alle har rett til å praktisere religion og livssyn etter eige ønske, og alle religionar og livssyn skal ha rett til likeverdige statleg finansiering.

Regjeringa vil leggje til rette for – og medverke økonomisk til – eit mangfald av religions- og livssynsutøving i Noreg. Religionsmangfaldet gjer samfunnet rikare og stiller oss overfor nye utfordringar. Open samtale, samarbeid og samhandling mellom trus- og livssynssamfunna lokalt og nasjonalt fremjar gjensidig forståing og medverkar til respekt både for ulikskapar og for dei felles verdiar samfunnet skal byggje på. Det må leggjast til rette for gode praktiske

løysingar som varetek dei ulike behova til innbyggjarane i eit livssynsmangfaldig samfunn i skulen, på arbeidsplassane, ved markering av familiehendingar, livsfasar og høgtider. Trus- og livssynssamfunn skal kunne møte menneske ved dei ulike milestolpane i livet og vere ein samlande faktor når glede og sorg skal markerast på nasjonalt og lokalt plan.

Vi vil leggje til rette for at Den norske kyrkja framleis kan vere ei open og inkluderande folkekyrkje med plass for ulike religiøse behov og ulike teologiske retningar, og med brei forankring blant medlemene. Regjeringa vil følgje opp kyrkjeforliket av 10. april 2008, inkludert demokratireforma.

Regjeringa vil:

- følgje opp kyrkjeforliket
- saman med organisasjonane i kyrkja gjennomgå og forbetre valordninga for kyrkjevalet og medlemsregisteret
- vidareføre trusopplæringsreforma
- auke talet på preste- og diakonsstillingar
- leggje til rette for fleire kvinnelege sokneprestar, prostar og biskopar
- leggje fram ei sak om trus- og livssynspolitikken i dialog med trus- og livssynssamfunna med sikte på å skape ein samla politikk for området
- medverke til fleire livssynsnøytrale seremonilokale
- sikre at utanlandske forkynnalarar som har arbeid av varig karakter i trussamfunn skal gjennomgå opplæring i norsk språk og om det norske samfunnet